



Det kristelege skulelaget  
på Follo.

Ei historisk framstilling  
med attersyn frå tidlegare lagsfolk  
på tida i Follo-laget.

Skriven av Birger Foseide 2015.



## Innhold

Forord .....	4
Dei første åra .....	6
Follolaget under krigen .....	8
Fredsåret 1945 .....	10
Kvinner i Follolaget .....	11
Andaktar på sjukehuset .....	11
Søndagsskule .....	11
Møte med byfolket og med bygdefolket .....	11
Bønnemøte .....	11
Frammøte og medlemstal .....	12
Kristenrussen .....	13
Follolaget i 1950-åra .....	14
Follolaget i 1960-åra .....	14
Solhøgda-weekend .....	14
Lagsaktiviteten .....	15
Adiafora .....	16
Lagsjobb .....	16
KVT .....	16
Follolaget i 70-åra .....	17
Song og musikk i Follo-laget .....	17
Follolaget i 80-åra .....	19
Folloposten .....	20
Follolaget og kyrkjelyden .....	21
Follolaget i Orkdal menighetsblad .....	21
Orkdal menighetsblad i påskenummeret 1974 .....	23
Doggdråpen .....	25
Follo sine jubileumsbøker og Follolaget .....	26
50-årsboka 1973 .....	26
Jubileumsboka 1948 .....	26
75-årsboka 1998 .....	26
Asbjørn Øverås i profil .....	27
Follolaget etter 1973 .....	30

Vedlegg .....	33
Da Orkdal kristelege russelag reiste til havs, av Gunnar Eikli.....	33
Mitt minne frå Follo-laget. ....	36
Kva seier medlemmene i Follo-laget i dag?.....	38
Oppsummering.....	41
Evaluering av Lagstida .....	43

## Forord

Orkdal kristelege skulelag har ei stolt historie med at det har hatt så mykje positivt å seie for mange skuleelevar og for skolemiljøet på Follo- eller Orkdal landsgymnas, Orkdal offentlege landsgymnas, Orkdal gymnas eller Orkdal vidaregåande skule for å nemne namna som skulen har hatt i tillegg til Follo. Det kristelege skulelaget døydde etter nokre krampetekningar ved tusenårsskiftet. Det vart feira ein 75-årsfest for Orkdal kristelege skulelag i Orkdal i 2007 med ca 100 tidlegare medlemmer tilstades.

Så hender altså det gledelege at i dei åra eg har arbeidd med lagshistoria så vaknar skulelaget til live att! Så blir ikkje dette skriveriet mitt berre eit historisk attersyn eller minneskrift, men også ein bakgrunn for at det i dag også finst eit behov for å samlast som kristne skuleelvar, sjølv om det ter seg på ein annan måte enn i tidlegare tider.

For meg fekk tida på Follo frå 1964 til 1968 mykje å seie for livet mitt. Skulen prega meg, og ikkje minst aktiviteten i fleire elevlag. Eg vart i 1999 prost i Orkdal og bur i prestgarden på Fannrem der ein av grunnleggarane for Orkdal landsgymnas, Brage Høyem, budde, og der han husa også den første rektoren, Asbjørn Øverås, i fleire veker før han og familien kunne flytte inn i rektorhusværet på Follo. Nokså tilfeldig kom ein kasse med alle protokollar og notar tilhørande Orkdal kristelege skulelag meg i hende, rett før dei hamna på søppelhaugen! Eg måtte berre sjå det som mi oppgåve å gå litt inn i skulelagets historie og lage ei skriftleg framstilling. Det står svært lite om det kristelege skulelaget og andre elevlag i dei tre historebøkene som er skrivne om Follo: Orkdal offentlege landsgymnas 1923-1948, Orkdal landsgymnas, Orkdal offentlege landsgymnas, Orkdal gymnas 1923-1973 og 75 år på Follo (1998).


Dersom det er tillitsvalde i skulelaget som har i si varetekta materiale frå skulelagstida, så send det gjerne til meg, så blir dette tatt vare på saman med det eg har frå før.

Av arkivet har eg i hende:

- Doggdråpen, Lagsavisa, i tre bøker.
- Styreprotokoll 1932-1938.
- Styreprotokoll 1942-1952
- Styreprotokoll 1953-1959
- Styreprotokoll 1959-1963
- Styreprotokoll 1964-1967
- Styreprotokoll 1967-1970
- Styreprotokoll 1970-1973
- Kassadagbok frå 1963-1981
- Halvårsmeldingar frå 1952-1971
- Møtereferat frå 1939-1950 og 1955-1958 og 1963-1965 og 1967-1968 og 1968-1972 og 1975-1982.

Dette skulle gje eit godt materiale til å skrive om dei 50 åra Follo-laget var ei betydeleg kraft i Follo-miljøet og i formainga av mange unge menneskes liv i denne perioden. Arkivet med alle protokollane viser tydeleg at dette er eit gymnasiastlag av kommande akademikarar. Dei har skrifteføre medlemmer frå første stund. Det finst svært mykje skriftleg dokumentasjon på det som det kristelege skulelaget på Follo har drive med. Og ikkje minst er det dokumentert kva som har vore sagt i desse samanhengane. Ein kan undrast over kven som var tiltenkt å lese alle desse referata som er skrivne, men sannsynlegvis var det tenkt slik at seinare styremedlemmer i Laget skulle kunne lese seg opp på det som har vore undervist og forkjent på tidlegare møte i Laget, og dette skulle vere ein del av «leiarutdanninga» av tillitsvalde i framtida. Eg har likevel hatt ei kjensle av at eg kanskje er den første som har lese desse møtereferata i samanheng 80 år etter at dei første er skrivne!

## Men den som holder ut inntil enden-skal blive frelst!



Dette står som overskrift skrive med utruleg vakker skrift og pynta med stilig blomsterbord over referatet frå første styremøtet i Follo kr. Gymnasiastlag. Skrivar var Eli Kvakland, og ho stod nok for den kunstneriske utformainga av møteprotokollen. Dette er omtrent einaste illustrasjonen eg har funne i protokollane, så eg vel å bruke dette som ein visjon for Follo-Laget. Det kristelege skulelaget på Follo skulle vere eit fellesskap der dei aktivt vedkjennande kristne skulle få hjelpe til å halde ut som kristne. Dei skulle styrke og utvikle trua si i møte med alle nye tankar og påverknader som møtte ungdommene frå bygder i heile landet i undervisning, skolemiljø og samfunn.

17. september 1932 vart det vald eit styre med Arne Nordset som formann og lektor Nødtvedt og Eli Kvakland var styremedlemmer. Arne Sæter og Trygve Størset var varamenn. Dette første styret vart «attvald utan brigde» i 1933. Det var fem gymnasiastar og lektor Nødtvedt, student John Holte og cand.theol. Asbjørn Larssen som var skrivne medlemmer i 1932. Det var 123 gymnasiastar dette året. Den første lagsformannen, Arne Nordset, var frå Verdal og vart Folloruss 1935. Han vart student på Handelshøgskolen i Bergen og hamna i Fiskeridirektoratet og har mellom anna skrive bok om: «Cooperation among fishermen in Norway». Eli Kvakland vart misjonær i Kina og Taiwan og Thailand,

gift med Emil Aarsheim. Arne Sæter vart ungdomssekreter i Det norske misjonsselskap i Trøndelag, seinare sokneprest i Rindal og stortingsrepresentant frå Møre og Romsdal frå 1969 til han døydde i 1973. (KrF). Lektor Anton Gerhardt Nødtvedt var altså ein av gründarane til Follolaget og ei god og verdfull støtte heilt til han slutta ved skulen i 1971.



Lektor Nødtvedt på kateteret

Dottera, Bjørg, fortel i telefonsamtale 21. mars 2014 at faren var med på å starte Oslo kristelige studentlag i 1924 og etter at student- og gymnasiast-laget i Trondheim vart stifta i 1930 kom nok inspirasjonen også til å starte opp i Orkdal. Frå barne- og ungdoms-tid har Bjørg Hegstad f. Nødtvedt mange gode minne om lagssekretærar som overnatta i Nødtvedt-heimen på Fannrem. Og det var mange lagsmøte og komitemøte heime hos dei.

Landsgymnaset starta i 1923 og det vart etter kvart fleire elevlag. Elevlaget Mjollnir kom i gang allereide første hausten, og fråhaldslaget Sverre kom i gang i 1925. Idrettslaget Follogutane begynte i 1928. Så kom altså det kristelege gymnasiastlaget i 1932 og hadde 20 medlemmer i 1934 og det heldt seg slik i dei første ti-åra.

Namnet var Follo kristelege gymnasiastlag. Dette vart endra til Orkdal kristelege gymnasiastlag i 1946. Føremålet var å samle kristne gymnasiastar, studentar og realskuleelevar til å styrke deira åndelege liv og å vinne andre for Kristus. Dette skulle ein nå ved faste møte i Laget. Det er interessant at «studentar» var målgruppa heilt frå starten av, og «realskuleelevar» kom inn i 1946. Til å begynne med stod det i statuttane at det skulle vere Lagsmøte kvar 14. dag, men i 1946 vart dette endra til «kvar veke». Styremedlemmene skulle vere personlege kristne. Og lovene skulle lesast opp på kvart halvårsmøte og i 1946 kom det eit tillegg: «og på første møtet i haustsemestret». På tre møte kvart år skulle ein bevisstgjere seg på kva som var grunnlaget for organisasjonen. § 2 er tydeleg og klar: «Laget byggjer på det objektive frelsesgrunnlaget som er lagt ved Jesus Kristus og hans soning for vår synd og hans oppstode til vår rettferdigjering, slik som dette er uttrykt i den heilage skrift og den apostoliske truvedkjenninga».

I 1963 vart namnet på laget endra til Orkdal kristelege skolelag fordi elevar frå Orkanger realskole vart med i Follo-laget.

## Dei første åra

Follo-laget hadde 54 opne møte i åra 1934- 1938: 18 heime hos Nødtvedt, 10 i Megården bedehus (Indremisjonen), 1 i Misjonshuset (Misjonssambandet), 8 på Follo (her er Påskemøtet rekna som eitt møte). 8 i fire andre private heimar i Orkdal (Jakobsen, Sommervoll, Eikli og Kvåland), 2 i prest-garden hos prost Skrondal og 2 turar til Trondheim og 1 meldalstur. Da var det også eitt møte i Meldalskyrkja og 3 i Orkdalskyrkja. Det er referert berre om 3 halvårsmøte med styreval fram til 1. september 1934 – deretter 7 møte resten av året. Dette kan tyde på at frå dei første to åra er det berre styreprotokoll som er ført, og ikkje møtereferat.

Møtetema var stort sett samtale om bibeltekster frå Johannes-evangeliet, bibeltimar, song og musikk og frie vitnesbyrd. Men av meir tidsaktuelle tema tala misjonsprest O. Kopreitan på fellesmøte med skulelaga i Trondheim og Orkdal i Orkdal kyrkje i 1934 om «Oxford group». Og på lagsmøte 4 månader etterpå hadde sokneprest Hauge i Børsa tala «væsentlig om de syndsbekjennelser og oppgjør han hadde gjort etter møte med «Oxford»». Bjarne Hareide hadde foredrag på møte på Follo om Psykoanalyse og kristendom. Og det var livleg samtale etter foredraget.

Samvær med kristne studentar frå Trondheim var tydeleg til stor inspirasjon for lagsfolket på Follo (iallfall gir skrivarane uttrykk for dette!) Det var fleire gonger det kom 25 studentar frå Trondheim på Lagsmøte på Follo, og i tillegg var dei med på påskemøtet der dei overnatta i Nybygget (Frå 1934: lektorbustad og to klasserom) frå Palmelaurdag kveld (Laurdag var jo skuledag!) til måndag ettermiddag. Påskemøtet vart avslutta med samtalegrupper der gutter og jenter var i grupper kvar for seg, og felles bønnestund før avslutningsmøte kl. 20.



Dette er eit bilde frå 1938 og frå eit møte i det første kristne russelaget på Follo etter det russeguten heilt til venstre på bildet, Gunnar Eikli, skriv til meg i 2008. Han døydde i 2014. 91-åringen skriv at bildet er tatt på heimegarden hans på Damman. Til høgre står ein som kom til Follo og tok eksamen som privatist, deretter mot venstre Ottar Hyldmo, seinare predikant i indremisjonen. Så Else Jensen, f. Bergem, frå Dønna, som seinare vart lærar. Deretter Gudveig Berge, dotter til soknepresten i Meldal. Og Olav Meier Valset frå Agdenes som vart ingeniør-

Erfaringane i Follo-laget, og Lagsrørsla ellers, har hatt mykje å seie for økumeniske holdningar hos lutherske organisasjonsfolk som kom til skulelaget i ung alder. Dette gjeld forholdet mellom folk frå ulike organisasjoner, forholdet kyrkje-bedehus- og forholdet til pinsevenner og andre kristne. Kanskje gjeld dette særleg erfaringar frå kristenruss-tida med reiser og møte i lag- Det står sterke skildringar

om ein kristenrusstur til Kristiansund i 1938. Dei stod i båten som la ut frå Kristiansund til heimturen og song ved kaia så det ljoma: «Navnet Jesus blekner aldri». «Dei kjende seg smelta saman til eitt der dei stod. Folk såg ikkje der ein flokk pinsevenner og metodistar, kinafolk og indremisjonsfolk og oxford i strid, dei såg ein flokk brør og søstre. Det er slik Jesus vil at hans barn skal sameinast.»

Det var mange lokale talarar på lagsmøta. Frå Laget sentralt kom Hans Høivik og Bjarne Hareide. Av aktive medlemmer frå andre kantar av landet enn Trøndelag ser vi at Odd og Thor With, seinare statsråd og biskop, var med både som talar og styremedlem.

## Follolaget under krigen

Påskemøtet 16.-18. mars 1940 vart halde på Follo med dei fleste medlemmene i Follo-laget + 50-60 tilreisande frå Trondheim og Levanger. Pastor Bjarne Weider tala m.m. om: Han er vår fred og sa at «langt viktigare enn ytre ufred er den skilleveggen som fører til fiendskap mellom mennesket og Gud, for «Himmel og jord skal forgå!» I dag møter vi moderne hedninger som har skapt seg en Gud i lommeformat.» Det står også i referatet: «Mange frykter. Vil jeg klare å være en kristen under hedensk styre?» Dette kan kanskje vere ord inn i den aktuelle politiske situasjonen våren 1940, men det overraskar meg at okkupasjonen ikkje let seg spore i det heile i protokollen frå Follo-laget for 1940. Det var ingen lagsmøte etter påskemøtet denne våren, men det blir ikkje skrive noko forklaring på det.

Okkupasjonstida var ei vanskeleg tid for landsgymnaset. Med 300 ungdommar samla frå heile landet var det eit stort ansvar for skuleleiinga, og det var svært viktig for det nye styret å komme inn på Follo med foredrag om nazismen og rekruttere elevar til NS-lag ved skulen og til hirda og bruke lokala på Follo til hird-øving og for anna bruk for tyskarane. Allereide ved skulestart hausten 1940 vart det kunngjort forbod mot politiske lag ved skulen. Men Follo kristelege gymnasiaslag gjekk altså sin gang med møte på Follo allereide laurdag 8. september med 12 medlemmer tilstades. Det var 8 møte denne hausten, men referata innehold ikkje noko som kan tolkast politisk eller som kan røre ved den politiske situasjonen i det heile. I påska 1941 var 70 ungdommar frå Levanger, Trondheim og Follo samla til påskemøte som vanleg. Det er forkynning om synd og nåde. Men kanskje oppfatta deltagarane undertonar i fleire tema. Bjarne Weider tala om: Kristus er Herren. «Her er triumf og seierstone. Kristus er Føreren. Han marken skal beholde.» «Alvoret ligger i det at Han er Herre over vårt liv, og kan stanse et hjerte når han vil.» Lærarskulelev Ragna Holte Winsnes tala om meiningsa med vårt liv. «Vi skal være Hans vitner i denne mørke tid.» Hausten 1942 starta med stor møtehelg med gudsteneste i kyrkja søndag. Om kvelden avslutta Johan Sødal møtet med: «Gle dere over at namna deres er skrevet i livsens bok.» Og skrivaren legg til: «Takk for møtene - takk for håpet. «Gud signe vårt dyre fedreland».»

Det er sentrale tema og klare utfordringar i talane på lagsmøta under krigen også. Eit brev frå landsstyret vart opplest i 1942 der det blir fortalt om at mange skulelag i landet opplever store vekkingar og opplever mykje velsigning i arbeidet i 1942, «men kommer vanskeligheter, så husk: Gå inn til din Gud, les og be!»

Men det var også andre tema som kom fram. Sokneprest Sandvei fra Rennebu heldt foredrag på lagsmøte i 1942 om menneskets utvikling, kroppsleg, psykisk og religiøst. Sekretær William Johnson tala på lagsmøte over temaet: With the Blue Cross World around. Han utfordra: «I changed from the dancing and playing, that can also you do! You have your workplace in your own classroom, at your own school!»

Einar Lundby gjestar Orkdal i 1943 saman med Sverre Magelsen. Dette var i skulelagets regi. Kveldsgudsteneste i Orkdal kyrkje kl. 20: «Kjerka var stuvende full!» Og dagen etterpå hadde Lundby foredrag i gymnastikksalen siste skuletimen på Follo om: «Psykologi og kristendom». Han snakka om psykoanalyse og kristen syndsvedkjenning som begynner på same måten. Men «Ved bekjennelse for Gud blir vi frigjort. Syndenes forlatelse gir Kristus. Her er forskjellen på psykologi og kristendom.» Om kvelden var det Lagsmøte same staden med tema: «Kan en lege tro på under?» Lundby nemner eigne erfaringar og utfordrar til å tru på Guds makt til å gjere under den dag i dag. «Får Han gjøre omvendelsens under med oss, gjør han undere hver dag- og inn i evigheta med Gud.»

«De kristne og verdenssituasjonen – optimist eller pessimist.» var tema for pastor Sandvei i oktober 1943. Her er det tydeleg tale om at verdssituasjonen er så svart som den aldri har vore før. Vitskap og teknikk er no tatt i bruk for å drepe og myrde. Men verda er i Guds hand og består så lenge Gud vil. Er den kristne optimist eller pessimist? Ingen av delene. «Men han er en troende og sier: Herre, som du vil!» Etter foredraget song dei: «Ingen er så trygg for fare som Guds lille barneskare».

Bjarne Weider utfordra til å legge vekt på det eine nødvendige og å gje seg sjølv til Guds rike. Viss misjonen ikkje blir drive meir intenst enn no, så tar det 300 år berre for å få Guds Ord ut til alle folkeslag! Sa Weider til lagsfolket på Follo.

Pastor Lerheim-Pedersen hadde temaet: Kristendom-manndom, som ikkje berre handla om mannlege heltar, men om menneskeleg kraft og åndsmakt. Misjonær Hoås hadde temaet: «Frigjort i Kristus» og snakka både om Rousseau, Voltaire og Franklin og «de religiøse» - «De går i kirke, bedehus, leser Bibelen og tar del i kristent arbeid, men de hevder fridom i forhold til Gud. De holder de ytre mål, men de har ikke noe personlig gudsforhold.» Denne utfordringa etter å få eit personleg gudsforhold som skal frigjere oss til kristent vitnesbyrd og teneste har vel alltid vore ein sterk tone i forkynninga i Follo-laget.

«Dr. Skrondal» – slik vart soknepresten og prosten i Orkdal den gongen omtala - Andreas Skrondal. Han hadde eit tema i februar 1944: «Kva har vekkjinga å seie for moderne kultur?» Her tar han fram at når eit menneske blir vekt opp av sin åndelege søvn, så lærer ein også å syte for dei andre. Han nemner Hans Nilsen Hauge, August Herman Francke som tok seg av foreldrelause barn, pietistane tok tak i fattigstellet, folkehelsa og undervisning. Vert det sann kristendom, vert det og sann kultur!

Pastor Berge hadde foredrag om nattverden som er referert på fire sider.

I telefonsamtale med meg den 31. januar 2013 seier Johan Syrstad at det var lett å drive kristeleg skulelagsarbeid under krigen. Folk ville samlast til kristelege møte. Lagssekretær Magelsen som budde i Trondheim var viktig hjelp og støtte. Tyskarane tok skulen på Follo, og undervisninga vart flytta til Orkanger. Dei som budde på Fannrem tok Thamshavnbanen eller sykla. Men lagsmøta på

kveldstid var helst på Misjonshuset på Fannrem. Det var ikke hindringar for lagsarbeidet. Rektoren som nasistane sette inn var passiv på mange måtar og lite til stades. Dessutan var han jo preste-utdanna og positiv til slike saker! Det var lite politisk diskusjon i skulelaget, og skulelaget engasjerte seg ikke i motstandsarbeid.

Lektor Nødtvedt, som også var sekretær ved landsgymnaset, vart beden av tyskarane om å styre skulen under nasistisk rektor, men dette nekta han. Nødtvedt skriv i boka: Orkdal offentlege landsgymnas 1923-1948 om Follo i okkupasjonstida. Der skriv han mykje om korleis lærarane og elevane saboterte pålegg frå tyskarane. Men i protokollane for skulelaget er ikke slike ting nemnt.

Skulelaget var svært aktivt under krigen. Lagsmøte vart haldne i heimar og hyblar, 2 turar til Geitbuan og Raudåsen, 3 gudstenester i kyrkja i Lagsregi, 37 lagsmøte vart haldne på Follo fram til hausten 1944. Etter dette var 25 lagsmøte haldne på Misjonshuset på Fannrem (Sjølv om ikke møtestad er nemnt så mange gonger i protokollane).

## Fredsåret 1945

I referatboka er ikke krigens slutt nemnt i det heile, enda det var lagsmøte både 5. mai, 28. mai og 13. juni. Den einaste referansen til fredsvåren er at lagsmøtet 13. juni vart avslutta med å synge: «Gud signe Noregs land». Sekretären Bjørg By skriv om våren 1945: «Det har diverre vore lite liv på Laget no ei stund. Me får vone Gud vil kveike oss oppatt, og gi oss mot, og kjærleik til å ta fatt på haustsemesteret 1945.»

Derimot er det meir referansar til aktuelle tankar og hendingar i samfunnet på møte hausten 1945. Johan Syrstad tala ut frå Romarbrevet 14,7: «Ingen dør for seg sjølv». Han seier vi har ansvar for dei som lever ikring oss. «Tenk på krigens ofre, på jødane! Det er ein førar: Gud. Å leva for Herren er å seie: Skje din vilje....Vi er snare til å døme, men vi skal alle fram for den same domstol.» Og Knut Ree tok ordet på same møtet og minte om ansvaret for dei som no vart dødsdømte. «Vi skal vere med og be om at dei må sjå si synd og få nåde hos Gud. Røvaren på korset.»

Magne Gudvangen talar om at kriga opna folks augo for det som har evighetsverdi, men freden vil lukke dei att. «Kriga stilte oss framfor det eine nødvendige, men freden sløver oss att.» Han meinte vi var mest opptatt av våre private behov no etter krigen. Han seier freden med Gud må byggast på eit oppgjer. Kristendom er fredens evangelium. Hos Gud er det varig fred. Og fedrelandssalmen vart sungen.

Prost Skrondal heldt foredrag om skulen og kyrkja i november 1945 og i mars 1946. Han starta med at det var kyrkja som stod for oppsedinga fram til reformasjonen. Men skulen, barnet og ungdommen var også viktige oppgåver for Luther og reformasjonen. Han sa at da skulelova skulle vedtakast i Norge i 1889 var det ikke meiningsa at kyrkja skulle ha tilsyn med skulen. Men slik vart det. I lov av 1935 vart timetalet nedsett utan at dei som hadde tilsyn vart spurt eingong. Interessante er også Skrondals påstandar om at det var lite samkvem mellom kyrkje og skule fram til okkupasjonen. «Men da stod dei saman. No var den kristne moral den siste skansen vi hadde.» Og Skrondal let utfordinga

gå til gymnasiastane: «Skal vi få ei åndeleg – ei moralsk gjenreising, treng vi kristne lærarar. Oppgåvene er store. Vi må stå samla.»

## Kvinner i Follolaget

Sjølv om dei flesta talarane på skulelagsmøta på Follo var menn, så hadde kvinnelege gymnasiastar heile tida hatt sine tillitsverv i laget. Frå starten har Eli Kvakland og Alvild Jakobsen sentrale posisjonar i lagsstyret. Statuttane frå 1932 seier at styret er samansett av tre medlemmer med to varamenn. Under revisjonen i 1946 kom det inn: «Styret har 4 medlemer-helst 2 gutter og 2 gjenter-med 2 varamenn».

Hjørdis Holte er gruppeleiari for jentene på påskemøte på Follo i 1941, og talen hennar er godt referert.

Ragna Holte er student og lærar og talar på Lagsmøte i 1944. Seinare blir det fleire kvinnelege talarar- Lektor Haldis Hoel og legen «fru Halvorsrud» var lokale talarar.

## Andaktar på sjukehuset

I åra etter krigen var det vanleg at skulelagsfolk hadde andaktar på Orkdal sanitetsforenings sjukehus ein gong kvar månad. Laurdag eller søndag. På kveldstid. Tre postar fekk andakt. Tale og song. Denne praksisen var iallfall levande enda langt utover 1970-åra.

## Søndagsskule

Hausten 1944 tok styret tak i utfordringa med at søndagsskulen på Kvålvoll skule trond nye hjelparar. Dei som hadde drive før budde to timars veg unna! No meldte det seg fem nye gymnasiastar som tok fatt på Kvålvoll – til stor glede for sekretären: «Gud sendte arbeidere!»

Mange av lagslemmene deltok som søndagsskulelærarar i Orkdalen.

## Møte med byfolket og med bygdefolket

Det ser ut for å ha vore ein lang tradisjon med at bygdefolket i Orkdalen vart invitert til ein lagsfest på Follo kvart semester. Kanskje var det hovudsakleg misjonsfolk som kom, men det var ein breiare invitasjon og fleire hybelvertar kom på desse festane. Skulelaga i Trondheim var inviterte til Follo på eit lagsmøte kvart semester, med ein gjenvisitt i byen av Follo-trælane. Foreldrefestar var også tradisjon, så det mangla ikkje på oppgåver for lagsmedlemmene.

## Bønnemøte

I halvårsmeldinga hausten 1950 står det: «Også i dette semesteret har vi hatt vanlige bønnemøter en gang i uka.» Og vårsemesteret 1951: «Foruten vanlige bønnemøter hver torsdag etter skoletid hadde

vi en tid etter jul bønnemøter hver mandagsmorgen før skolen tok til.» Dette vart flytta til onsdagsmorgonen. Så vart det bønnemøte på matsalen kvar torsdag før skulen tok til.

Bønn hadde ein stor plass i Lagslivet på Follo, både styremøta og svært mange vanlege lagsmøte ser ut til å ha vorte avslutta med bønn. Tidspunkt for faste bønnemøte har skifta. I starten av haustsemestret 1972 delte styret Laget opp i bønnegrupper som enten skulle samlast i skuletida eller etter skuletid. Når det i tillegg var bønnemøte før korøvinga og kristenrussen hadde eige bønnemøte, så vart det bønnemøte kvar dag, skriv styret.

## Frammøte og medlemstal

Medlemstal:

1942	1943	1944	1945	1946	1947	1948	1949	1950	1951	1951	1952
31	38	52	47	45	33	28	27	34	25	25	25

33 i feb. 1947 var mykje, 26 på neste. 35 på tur til Horg.

Laurdag i 5-tida, etter skuledag, starta turen til til Krislock-hytta ved Byavatnet. Her hadde forresten lærar frk. Hoel tale om at dei kristne er Bibelen for dei andre. Derfor skulle vi ikkje snakke stygt om andre menneske – for eksempel lærarane. Laget er avhengige av kvar enkelt medlem, men da må vi kjenne kvarandre. Alle skulle reise seg og seie namnet sitt og kvar dei kom frå. «Dei fleste var frå Hemne» står det etterpå! Lagstur til Fjellseter kapell i september. Laget var innbede til fest i Misjonshuset. Etterpå julefest på Megården i 1946. I 1948 skriv skrivaren i protokollen: «Til vanleg har vi møtene laurdagskveld, men denne gongen kolliderte det med Mjollnir, og det ville vi nødig.»

Medlemstalet i laget steig 60-åra, og dessverre ligg det ikkje kjelder i arkivet for medlemsutviklinga etter 1964. Men på semestermøtet våren 1967 var det kampavstemming på formann der Astri Wessel fekk 32 stemmer og Kari Gåsvatn 21. Det må bety at det var fleire enn 53 medlemmer i Laget på den tida også. (At Nils Joralf og Kirsten fekk berre 2 stemmer på same møtet som revisorar er litt rart!) Etter som underteikna sjølv var medlem i Laget på denne tida, så kan eg stadfeste at medlemstalet var nærmare 70, og at det heldt seg der nokre år. Men bøker med medlemsoversikt frå 70-åra har eg ikkje hatt tilgjenge til.

1953	1954	1955	1956	1957	1958	1959	1960	1961	1962	1963	1964
25	21	36	27	31	44	43	43	54	62	62	65

## Kristenrussen



Bilde av kristenrussen på Follo 1965.

Allereide i 1938 hadde altså lagsmedlemmer som var avgangselevar sine eigne samkomme, etter opplysningsar frå Gunnar Eikli.

Det var avskjed med kristenrussen kvar vår. Det kunne vere sterke, triste avskjedshelsingar frå russe til dei attverande lagsmedlemmene. Skrivaren skriv i møtereferatet eitt år: «Noen av dei treffer vi kan hende seinare i livet, men dei fleste møter vi vel aldri her på jorda meir.»



Bilde av kristenrussen på Follo 1964.

## Follolaget i 1950-åra

Ein laurdagskveld i august 1955 starta Laget opp med 4-5 gymnasiastar på møtet. Fru Halvorsrud tala: Vi unge og vår tid. Neste laurdag var dei 16 på skulehytta Hauklia. 10. desember var Laget på sjukehuset, og sjukesøstrene inviterte på mat i matsalen etterpå, og legen Halvorsrud takka Laget for at dei ofra så mange laurdagskveldar på sjukehus-avdelingane til andakt og song.

I 1955 var også tradisjonen med avslutningsmøte på Erling Fagerholts hytte ved Kjønli-tjønna komme i stand.

Mange lagsmøte var heime hos Nødtvedt, Ljøkjem, Eikli, Strøm, Vassenden og på prestgarden på Fannrem hos Skrondal og Hatlebrekke. Møte på Ustad skule 1957- bygdafolket hadde med seg korger med mat. Dette gjentok seg i 1958 også.

Prestane i Orkdal var ofte på lagsmøte. Særleg pastor Olav Olsen og prost Jostein Hatlebrekke, og seinare Olaf Havidal. Men også andre prestar i nærlieken: Stubbråthen i Rennebu, Berge i Meldal, Arne Sæter i Rindal, Einar Solli og Øystein Trømborg på Løkken, Grønning og Stueland i Børsa. Ellers var det talarar frå misjonssambandet og indremisjonen og misjonsselskapet. Svært mange teologar. Noko nytt hendte i 1969 da Morgan Kornmo frå pinsemenigheten Betel i Trondheim var talar på to lagsmøte-og skapte stor begeistring etter begge referentane å dømme.

Heile Laget vart inndelt i bibelstudiegrupper i 1957. Mannskor i Laget første gong i 1958.

Før jul 1957 var julefesten i gymsalen på Follo, og «ein stor del av elevane på skulen fann vegen dit, likeins fleire av lektorane med fruer. Desse siste var særleg innbedne.» Rektor hadde tale ved bordet og sa mange takksame og rosande ord til Laget, og uttala til slutt eit ønske om at det måtte bli ein tradisjon med at laget hadde julefest i gymsalen på Follo siste kvelden før juleferien.

## Follolaget i 1960-åra

12. februar 1960 var lagssekretær Even Fougner på Follo og inndeia til diskusjon på Sjuas: «Kristendommen - en utfordring til tidens ungdom». Møtet varte i 4 ½ time. Det var ny rekord for Follo, fortalte Wold (Truleg lektor Steinar Wold som likte å diskutere kristendom).

Med Gunnar Bonsaksen som trekkplaster kom det hele 60 stk denne kvelden, står det om eit lagsmøte i 1960. På eit seinare møte var det 50. Det var ein enorm aktivitet i Laget desse åra. 200 på julefesten med domprost Otto Holmås som talar.

Hausten 1967 meldte det seg 20 nye medlemmer i Laget på første samlinga på Erlinghytta ved Kjønltjønna. (Der Jostein Krutvik brukte 5 min og 33 sek på å fortelje namnet sitt i følgje referenten!)

### *Solhøgda-weekend.*

Solhøgda turen i 1963 var kanskje første Solhøgdaweekenden. Dit kom det folk frå skulelaga i Kristiansund, Surnadal, Sunndal, Tingvoll og Molde. 100 stk. Det blir ytra ønske om at dette måtte bli

fast tradisjon kvar haust, og slik vart det til 1976. Kjelder for lagsprogrammet 1973 og 1974 manglar, men frå og med 1977 er det iallfall slutt på dette Møre/Trønder-treffet. Skulelaget på Follo hadde no weekend fleire stader og fleire gonger i året: I Hemne, på Skarheim i Meldal, på Mjuklia, på Bakk-sætra, på Søvasslia og på Laberget i Skogn.

Foreldrefesten var i Soria Moria i 1965 – det nye gymnastikksalbygget. Dette var altså omtala som eit etterlengta draumeslott. 50 år etterpå er det rivingstrua!



*Soria Moria- bygget i 1965.*

### *Lagsaktivitetene*

1961: 13 lagsmøte på Follo, 4 møte på Fannrem misjonshus der Musikklaget i Laget deltok, 2 lagsgudstenester i Orkanger kyrkje, 3 møte på Orkanger bedehus, 1 møte på Orkanger realskule, 3 møte på Megården bedehus, 2 turar til Hauklia og 1 tur til Surnadal.

1968: 16 lagsmøte på Follo, 1 lagsgudsteneste i Orkdal kyrkje, og turar til Hauklia, Rødde, Betania i Trondheim og Solhøgda.

Lærar Reidar Halgunset tar i 1968 kontakt med Laget for å få med seg nokre lagsfolk til å lage program for sjuandeklassingar og framhaldsskulelevar i Orkdal, så ville han invitere dei heim til seg nokre laurdagskveldar. Halgunsetkomiteen vart oppnemnt av styret.

Styreprotokollen for 1970: «Sogneprest Torbergsen kunne ikkje koma på påskemøtet. Det vart i den samanhengen usemjø om kven vi så skulle spørje. Nestformannen kravde at ein måtte få tak i talar frå Det norske misjonsselskap slik at vi ikkje fekk organisasjonsmessig slagseite med omsyn til talarar.» Prost Iver Fagerli vart foreslått, men på grunn av praktiske vanskar med å få tak i han, så vart forslaget nedstemt. «Vi kom fram til eit kompromiss, i og med at vi vart samde om Egil Moen, «nypresten» i Rindal som tidlegare har reist i Misjonsselskapet.»

I 1969 var det 9 prestar som talarar på Lags-arrangement, 6 talarar frå Misjonssambandet og 2 frå Misjonsselskapet. Diskusjonen gjekk vel på at Misjonssambandet var den organisasjonen som var

overrepresentert, og styreprotokollen viser iallfall at dette var ei sak som engasjerte lagsmedlemmene, ettersom det var ei styresak. At pinsepastor Kornmo var talar på to lagsmøte ser derimot ut til å skape begeistring hos nestformannen, som året før var møtereferent!

### *Adiafora*

Det var mange diskusjonar om livsførsel i skulelaget på Follo. Ein skulle ikkje skikke seg lik med denne verda, kan ein av og til finne sitert i protokollane. Men ikkje alt er skrive der. At lagsfolk skulle vere fråhaldsfolk, var vel lenge sjølvsgatt. At det ikkje skulle vere dans på lagsarrangement, stod vel heller aldri til drøfting. Men somme kritiserte at lagsmedlemmer var med i leikarring, og i 1960-åra nekta lagsjentene å vere med på dans i gymnastikktimane. Det store fleirtalet av lagsfolk deltok heller ikkje på tilstellingar med dans, som for eksempel russeball og elevfestar. Dette var med på å skape svært tydelege grenser mellom lagsmiljøet og folломiljøet elles. Men det var også skulelagsfolk som var med på å bryte ned slike skille og innføre noko nytt. Det blir fortalt om gründaren i Follolaget, Eli Kvakistan, at ho i 1930-åra gjekk på ski i knickers på ein tur til Follohytta Hauklia. Kvinner skulle ikkje gå i mannsklede, så dette var ikkje bra!

Lektor Sigmund Gjelsvik uttaler i intervju med Eivind Hasle i 1985 om fråhaldslaget Sverre på Follo og det kristelege skulelaget: «Av medlemmane i «Sverre» var ca halvparten også medlemmar av det kristelege skolelaget, og ein viss motsetnad kunne det her vere. Dei som kom frå dette laget var gjerne dei stødigaste og mest pålitelege, og min sympati låg kanskje nokså mykje på den kanten. Store motsetnader var det ikkje, men dei kunne komme til uttrykk på helgekurs på «Hauklia», og på den avslutningsfesten som vi brukte å ha på «Hauklia» for «Sverre»-russen, m.a. i synet på dans.»

### *Lagsjobb*

I 70-åra var det lagsjobb som potetplukking hos Olav Eikli. Det vart vanskeleg å få med seg folk på denne dugnadsjobben for laget, ser det ut for. Det var tilbod om utkjøring av telefonkatalogar i staden for. Men da var ein avhengig av bil i Orkdal.

### *KVT*

Det var i mange år stor diskusjon mellom misjonsfolket i Trøndelag om ein skulle starte opp ein kristen vidaregåande skule i landsdelen. Dette vart behandla i styret for Follo-laget hausten 1972. Det hadde i lang tid vore mykje motstand i Follo-laget om ein ny skule. «De mente at et slikt gymnas ville være med på å svekke laga på de andre gymnasa i fylket. Så Arne Mastad. (Formann) skrev et brev til kretssekretær Græsli som han ville at han skulle lese opp for deltakerne på kretsmøtet. Der stod det at det ville være synd for gymnasa å miste lagsfolka og denne ungdommen ville også forsvinne fra forskjellige bygder.» Dette var sterke argument som det låg lagsfolka på Follo tungt på hjartet å få fram. Det er mykje som tyder på at dei hadde rett i sine dystre spådommar. Det vart færre lagsfolk på dei andre gymnasa. Iallfall gjekk det tilbake med kristeleg skulelagsarbeid. Også på Follo. Men dette vart forsterka av mange andre tendensar i skulepolitikken og kulturutviklinga. Det var ikkje mange som budde på hybel lenger når dei gjekk på vidaregåande skule. Derfor vart det unaturleg med kveldsmøte og helgemøte knytta til skulen dei gjekk på. Det vart vidaregåande skular i mange bygder. Det kom ikkje folk til Follo frå andre landsdelar lenger. Kristeleg ungdomsarbeid i dei lokale

kyrkjelydane i orkdalsregionen gjorde vel også at Folloeleverne var med i dette arbeidet om kveldane og i helgene.

## Follolaget i 70-åra

I 1975 var det Gospelnights som var populært også i Follolaget. Rune Larsen var aktiv i Trondheim på denne tida. Jakob Winsnes og Johan Østerhus var på lagsmøte på Follo. Desse var iallfall seinare kjent som sterke leiarar i kjarismatiske miljø. Det var 40 lagsfolk på Bakksætra-weekend denne hausten. Og på Elevstua måtte dei bere inn 30 ekstra stolar til eitt lagsmøte!

På Eintrøa hadde Ungdom i Oppdrag aktivitetar i desse åra, og folk derifrå deltok på lagsmøte på Follo. På weekend på Skarheim var det talar frå Ungdom i oppdrag. Og på neste lagsmøte var Eivind Frøen frå Uio innleiar saman med lektor Steinar Wold over temaet: Er ateisme intellektuelt forsvarlig? I 1978 var det folk frå Eintrøa som tala på lagshelg på Follo. Men prost Kåre Rogstad var andaktshaldar om kvelden. Søndagen var dei fleste på «barnegudstjeneste i Orkdal kyrkje, og der blei det snakka mye om dåpen», skriv referenten.

### *Song og musikk i Follo-laget*



Dette er eit stort og omfattande og ærerikt tema i Follo-lagets historie! Songen hadde alltid ein stor plass. På Erlinghytta song vi song etter song frå songboka Kristen song til langt på natt, sjølv om somme sovna. Duettsong og solo med gitar- eller piano-akkompagnement var populært. Musikklag var vel vanleg fram til på 60-talet. Kolbjørn Megard dirigerte eit mannskor, seinare Magne Bergsaune. Songarane var umåteleg populære både på bedehus-møte og på gudstenester i Orkdal og i området rundt.

*Mannskoret i Follolaget 1965. Her dirigerer Kolbjørn Megard Magne Bergsaune, John Langtind, Vidar Johansen, Ola Bjarte Orset, Nils Røv, Audun Slettahjell, Olav Bliksås, Waldemar Finnanger, Arne Dagsvik og Ingebrigt Hoel.*

Koret som blandakor hadde vel si glanstid på slutten av 60-talet med Arne Dagsvik som dirigent og Kåre Bjørkøy som solist, men heldt seg på topp framover med Egil Sjaastad, Harald Bjørkøy og seinare søstrene Inger Marit og Randi Hagen. Koret deltok på songarstemne med Trøndelag kristelige sangerforbund der over 200 songarer deltok i felleskoret på 60-talet. Lagskoret gav også ut 2 LP-plater. Lagskoret og lagsmusikarane gav Laget ein ny respekt i skulemiljøet.

*Arne Dagsvik som kordirigent og som trumpetist og pianist var sentral i song- og musikk-miljøet i Laget i 1964-1968. Han dirigerte Lagskoret og var formann for kristenrussen.*



Skolelaget i Orkdal  
på lang sanger-ferd  
**Og inntektene går til Laget**

Et kristelig skolelag med 70 medlemmer er tross alt en sjeldenhets. Et skolelag med sangkor på 40 er vel enestående. Men det finnes. I år. Og nylig har de gjennomført en meget vellykket turné til Troms. Ikke som «Sp-sø-sørkeda-lens musikkorps til inntekt for seg sjæl», men til inntekt for Norges kr. stud. og skoleungdomslag.

Hurtigruteturen nordover fra Bodø, etter en meget vellykket konser i domkirken der, var strabasios, men artig. De holdt f. eks. konsert for turistene på 1. kl. — etterfulgt av platesalg. For i tilfelle av forkjølelse o. l. hadde de spilt inn 4 sanger på plate, som forsvrig ble meget godt motatt. På slutten gikk de over til postordresalg. Finsnes, Heggedal og Skjold ble besøkt. På de to siste stedene var det feltpris-

tene som sto for arrangementet. Målselv kommune bekostet koret til en konsert på aldersheimen på Moen. Videre gikk turen til Lyngseidet og Olderdalen, som forsvrig ble inntatt med trumpetfanfarer fra fergegedekket. Målet for turen var Sappen i Reisadalen, hvor en av korets medlemmer, og initiativtaker til turen, Leif Elvestad, kom inn fra Skjervøy prestegjeld ble særlig godt dekket med konserter i Nordreisa, Oksfjord, Sekle, Skjervøy og Rotsund. For så var det spesielt gildt med vat innkvartering i øy landside, kjente lite og ingenting til. Lørdag middagen på Skjervøy, med ordfører og sokneprest vil bli husket Organisten Ruth Stavne, var ikke like fornøyd med orglene alle steder, men angret ikke på at hun hadde blitt med på denne turen fremfor en reise til Praha med et annet kor, hva hun hadde tilbud om. Dirigenten Arne Dagsvik, som forsvrig trakterte en rekke instrumenter, viste seg som en eminent korleder. Likesom 15 andre av koremedlemmene hadde han tatt artium i år. Da solisten Kåre Bjørkøy stemte i med Beethovens lov-sang eller norske folketoner, var det nok noen som lurte på om det var Helge Birkeland de hørte. Bjørkøy får vi utvilsomt høre mer ifra.

3. juli i Tromsø Domkirke tok sangerne farvel med et takknemlig publikum. Et mektig vitnesbyrd om sannheten i strofen: «Guds senn har gjort meg fri», hvilket var motto for turen.

A. N.

*Forventningsfulle sangere smiler mot kveldssolen på Finsnes.*

Faksimile frå avisa Vårt Land om Lagskorets Nord-Norges-tur i juli 1968. Ein tur og ein turné som var lagt opp av Leiv Elvestad frå Nordreisa og skoleungdomsprest Anbjørn Neerland. (A.N.)

## Follolaget i 80-åra

Follolaget var på besøk i Eintrøa i januar 1982, og på Bakksæter-weekend i februar var det talar frå Eintrøa. Det ser ut for at Follolaget dreiv mange aktivitetar desse åra på 80-talet. Dei hadde også Open house (som meldalingane i god landsgymnas-tradisjon kalla: «olæst dær»!) og Gospel-nights med stor oppslutning. Hoeggen gospelkor med 50-60 unge songarar frå Trondheim var i Orkdal. Frå KVT kom det 20 personar og hadde møte på Follo i 1980. 14 dagar etterpå var det gjenvisitt av Follolaget på KVT! Jarl Gjønnes heldt andakt der, slik som han hadde gjort det på mange Lagsmøte i Orkdal tidlegare og mange gonger etterpå.

Det var filmkveld på Follo v/ skulelaget 22. april 1981. His Land med Cliff Richard. 40 kom, og halvparten var frå Lensvik ungdomsskule. Seinare på året vart filmen: Joni vist for nesten full kinosal på Orkdal kommunale kino – og dette er omtala i Follolagets protokoll. Laget hadde servering på den kommunale kantina med samtale om filmen. Skulelaget på Strinda vidaregående skole besøkte også Follo denne våren. Saman med Gospel-Lensvik besøkte Follolaget KVT med Gospelnight i november 1981. Same månaden kom også ein stor gjeng Stjørdalsungdom på besøk til Follolaget. Og Follolaget var på Gospelnight i Lensvik seinare same månaden!

Den tradisjonelle julefesten var 17. desember med res.kap. Bertel Aasen som talar. Skulelaget Oasen på KVT gjesta Follo i februar året etterpå. Frå Melhus kom Pilgrim som framførte frisk kristen song og musikk. Søndag 14. november 1982 framførte Trondheim Tensing musicalen Pappa i gymsalen på Follo. Det måtte vere stor aktivitet og god oppslutning om kristent ungdomsarbeid mange plassar i Trøndelag på denne tida.

40-50 lagsfolk og 10-12 kristne frå bygda møtte til Generasjonssamling på Fannrem misjonshus 31. mars 1976. Også på Orkanger året etter klaga skrivaren over lite folk utanom lagsfolket på generasjonskveld. Etter eit ope lagsmøte på Fannrem misjonshus i 1982 skriv også referenten om at oppmøtet frå bygda ikkje svara til forventningane.

Av protokollen ser det ut for at Laget presenterte seg for nye elevar hausten 1982 med ei samling i midttimen på torsdag der 25 personar møtte. «Og en god del av dem var 1. klassinger».

50-årsjubileet vart feira med stor fest 18. september 1982. Medlemmer frå før 1940 var æresgjester, og misjonær Eli Aarsheim og lektor Nødtvedt vart intervjuet, og biskop Thor With var hovudtalar. Han var med i Follolaget i 30-åra. Festmiddag på Follo laurdag kl. 17. Rektor Slåstad overrekte Bibelen i skinn + bibelordbok som gav frå skulen, og sa flotte ord om Laget i skolemiljøet. (Bibelen hadde gullskrift på permen med Orkdal kristelege skulelag 1932-1982 og ass. rektor i 2015 seier at dei som driv ei kristengruppe på Follo skal få denne Bibelen som er oppbevart på rektors kontor.) Tidlegare lagsmedlem Ola Torgeir Lånke (prest- seinare stortingsmann og leiar i Nidaros bispedømmeråd) leia jubileumsfesten. Harald Bjørkøy dirigerte eit jubileumskor. Søndagen var det gudsteneste i Orkdal kyrkje og kyrkjekaffi på Follo.

## Folloposten

Folloposten var ei skuleavis som kom meir eller mindre regelfast ut frå 1959 og fram til ca. 1970. Audun Eftedahl opplyser at dei prøvde å få avis i gang att i 1974. Det finst ikkje noko arkiv med alle eksemplar av Folloposten. Frå 1964 til 1969 har skrivaren av Lagshistoria nokså komplett arkiv. Det kan vere interessant å finne ut om skuleavisa tok opp tema som var aktuelle for Det kristelege skulelaget, og om lagsfolk engasjerte seg med skriving i Folloposten.

K. Halse skriv under overskrifta: «Du skal ikkje slå i hel» i nr. 1 1964. Her går forfattaren inn for pasifisme, og meiner at kyrkja absolutt skulle stå på det standpunktet. Det fører ikkje til noko tilsvarende debatt i avis.

Folloposten skriv i 1964 at aktiviteten i dei mange elevlaga på Follo på 60-talet var så stor at det var eit problem. Ei «revolusjonsgruppe» ville legge ned Folloposten, avholdslaget Sverre, Det kristelege skulelaget, Follogutane, Mållaget - og la elevlaget Mjollnir bli eit samlande gymnassamfunn som også tok seg av aktivitetane i dei nemnde laga!

Kjell Aune har ein artikkel om at kyrkja er i tilbakegang i Norge, og at kyrkja sjølv har skuld i det. Dei kristne lever ikkje slik dei lærer, er bl. a. påstanden. Sjølvsagt får han tilsvare i neste nummer: Hy. skriv at Jesu lære er praktisk samfunnslære om korleis vi skal nytte alle gode krefter til å skape ei fullkommen verd. Og lagsformannen Svanhild Wolden forsvarer kristendommen, men forsvarer ikkje alt dei kristne gjer. «De er mennesker- og lir selvfølgelig av de samme menneskelige svakheter som andre. Det er tilgjevinga som er det beste fundamentet for eit sunt og harmonisk sjeleliv.»

Kari Gåsvatn skriv om «Notidsmennesket og evangeliet» i 1966. «Evangeliet er ein bodskap om redning», «Evangeliet handlar ikkje om oss, men om Kristus».

Ts skriv ein artikkel om statskyrkja og kritiserer makt og privilegium for Den norske kyrkja: «Tvang eller overbevisning?» es skriv: «De ser og ser, men de ser likevel ikke!» Her blir det hevdat at Jesu lære ikkje går ut på å komme til «Paradiset etter grava», men å skape noko betre her i denne verda. I same nummeret skriv Leiv Elvestad om Solhøgda-weekend med 90 deltagarar. Folloposten har redaksjonelt eit intervju med misjonær Bjørn Bue som driv med traktor og Bibel i Kamerun for 15 000 kroner i årslønn. Bue hadde møte i gymnastikkalen på Follo.

Petter Godø skriv om det kristne synet på mennesket i 1967. Og i neste nummeret er ein usignert artikkel: Sanning! «Vi må bøya oss for ein uavkorta- ikkje avmytologisert- Bibel.»

Elevrådsleiar Odd Jostein Sæter skriv i same nummeret ein analyse av lagssituasjonen. «Det kristelige skolelaget står i en særstilling, da det ukentlig har flere sammenkomster.» Analysen viser ca 10 aktive elevlag på Follo.

Egil Sjaastad skriv i eit seinare nummer: «Kva vil det sei å vera ein kristen?» «Ein kristen er eit menneske som erkjenner si eiga stode og i audmjuk tillit tar imot Guds frelse i Jesus Kristus.» E.S. har ein andakt om Daniel i neste nummer av Folloposten. Egil Sjaastad signerer seinare ein artikkel med appell om å drive både kristen misjon og sosialt og økonomisk u-hjelps-arbeid. Elevlaget Mjollnir

hadde hatt møte om temaet, og Sjaastad siterer ein av innleiarane, Birger Foseide, som hadde sagt at misjonen kan aldri gjere seg avhengig av staten, men at uhjelpa hører inn under det verdslege regimentet. I julenummeret 1967 har Egil Sjaastad ein artikkel på framsida: «Ein bodskap – to innstillingar.» Her står også ei bokmelding av Arild Haalands bok: «Kirkedød og guds frykt i det tyvende århundret.» Den er skiven av Birger Foseide, som også har eit innlegg om: «Opium – religion for folket.» Det siste skrev han kanskje mest som medlem i avholdslaget Sverre. E.S. signerer ein appell i 1968: «Kva vel du?» Egil Sjaastad skriv ein appell også i 1969: «Det gjeld deg!» Og Kari Vigdis Syrstadeng skriv ein påskeandakt i same nummeret: «Gå forbi- ?»

Dette viser at lagsfolk skrev ein del i Folloposten dei åra han kom ut. Det vart svara på kritiske innlegg om kyrkje og kristendom. Det vart prøvd med reportasje om lagsarbeidet og andaktar og appellar til å tru. Men folk frå det kristelege skulelaget skrev også om arbeidet i elevrådet, i Afrikakomiteen, i avholdslaget Sverre og dei skrev innlegg om uhjelp som tydelegvis var eit aktuelt tema på slutten av 60-talet. (I ettertid er det rart å lese om at Norsk utviklingshjelps utsendte medarbeidar til Follo viste film om det indiske Kerala-prosjektet som gjorde slike inntrykk på Follopostens referent som eit døme på vellykka norsk uhjelps-prosjekt!)

## Follolaget og kyrkjelyden

Det har gått fram av møteoversikta som eg har nemnt at Laget hadde mange møte på bedehus og deltok i gudstenester. Likevel vart ikkje Follo-laget rekna med til kyrkjelydslivet i Orkdal. Det hadde jo mesteparten av sine aktivitetar på Follo og skulle først og fremst arbeide for å styrke kristenlivet hos gymnasiastane. Sokneråda i Orkdal begynte å gje ut eit menighetsblad i 1951, men det er lite å finne om ungdomsarbeid dei første åra. Sokneprest Jostein Hatlebrekke sette i gang med ungdomskveldar ein gong i månaden på Fagertun i 1956. Og i 1959 står det om møte kvar torsdagkveld i Orkdal kapell.

### *Follolaget i Orkdal menighetsblad*

Follolaget er ikkje nemnt i menighetsbladet før i 1961. Da står det til gjengjeld 2/3 sides intervju med John Stokkan i Follolaget. «Dei er no 45 på lagsmøte», seier han. Han nemner hyggekveldar for kameratane deira på Follo med film og konkurransar. «Og diskusjonskveldar – vi hadde ikkje vore gymnasiastar utan det!» Stokkan seier også at lagsfolket er faste tilhørarar i kyrkje og bedehus. Det kan vere eit heilt knefall til alters under gudstenesta.

Elles ser ein i same nummeret at ungdommar frå Torshus, Follo og konfirmantar i Orkdal skal delta på ungdomsgudsteneste. Det er fleire gonger i denne tida at ungdommar frå Torshus deltar på ungdomsgudstenester.

Året etterpå står det om Even Fougner, lagspresten, som var i Orkdal kyrkje. Det var to knefall med gymnasiastar, men lite bygdafolk.

Res.kap. Einar Koren blir redaktør av menighetsbladet og startar med ein eigen ungdomsspalte der Follolagets arrangement ofte er nemnt. Magne Bergsaune har eit signert innlegg med info om skulelaget og kva dei driv på med på Follo. Etter ei ungdomsgudsteneste står det med begeistring om

Arne Dagsvik med trompeten sin og Lagskoret. I 1966 står det om ungdomsgudsteneste og fest på Megården etterpå med Gabriel Eikli frå Misjonssambandet og Kjellaug Hovda frå NKSS. Det står om ein skulelagsfest i 1969 da det var full sal på Megården bedehus der hovudposten var astronomi ved «stjernekkar» Inge Skauvik. Seinare står det at ungdomsgudstenesta denne våren vart lagt til Kjønlitjønna saman med Follolagets tur dit. I 1971 står det eit oppslag med oppfordring til å gje gáve til NKSS. I 1974 står det eit intervju med rektor Torgeir Slaastad som er stort oppslått på framsida av menighetsbladet. (Innhaldet er referert under overskrifta: Skulen og det kristelege skuleungdomslaget.)

Elles er det små drypp utover i bladet: Open house på Follo har bra oppslutning frå elevar som ikkje er lagsmedlemmer. Det er skuleandakt i matpausen på onsdagar. Og Kristenartianarane, som det no heiter, skriv kvart år i menighetsbladet. I 1975 står det også intervju med Gunnhild Bjørkhaug som går rett frå Laget og kristenruss til å bli eittåring i menigheten i Orkdal.

I 1976 tar menighetsbladet inn eit introduksjonsskriv frå Ungdom i Oppdrag der det står at Eintrøa-ungdommar vil gå frå hus til hus i Orkdal for å selje kristen litteratur. «Vårt virkefelt er innenfor Den norske kyrkje», skriv dei. Og redaksjonen tilrår folk å ta godt imot ungdommane frå Eintrøa. Same året ser vi også eit oppslag om Kristenartianarane som er heile 28 personar på Follo dette året. Follolaget er stort på denne tida. Om hausten bruker redaktøren, prost Kaare Rogstad, heile framsida på ein rosande omtale av Follolaget.

I 1982 startar kateket Haldor Solheim og res. kap. Bertel Aasen opp eit enda tydelegare ungdoms-spalte med titelen: «Ungdom til Ungdom». Her er det unge sjølve som skriv. I 1984 står det om Fannrem KFUM som har drive speidararbeid i 6 år. KFUM/K hadde også ungdomsklubb på Orkanger. Svorkmospeidarane feirar 10-årsjubileum. I 1985 var det eittåring både i Orkland og Orkdal menighet. I 1982 skriv to jenter frå Orkdal som er elevar på KVT, om si kristne tru og reklamerer for KVT. Men november 1982 får formannen i Follolaget, Ingrun Gåsvatn, eit storoppslag i menighetsbladet om Follolagets 50-årsjubileum. Der skriv ho om at Laget hadde ein topp på 60-70-talet. Ho konstanterer altså ein nedgang i oppslutninga. Ca. 30 medlemmer er det no frå Lensvik, Meldal, Rindal og Orkdal. Det er store endringar frå landsgymnaset tid, og det har vorte vidaregåande skular i Hemne, Oppdal, Hitra og Frøya. Lagsmedlemmene bur i stor grad heime, og samlingane skjer i skuletida. Lagsfolket samlast på Lagsrommet kvart langfriminutt, og om tysdagen er det fullt til skuleandakt som elevane held sjølve den store julefesten som framleis er tradisjon.

Dei har berre 3 lagsmøte på kveldstid i 1982. Dette året har dei begynt med minilagsmøte i før midttimen på torsdag da alle elevane har fri. I jubileumsåret hadde dei også besøkt aldersheimen på Orkanger ein gong med song og vitnemål og samtale med dei eldre. Dei har også ein weeked i året, på Bakksetra eller Fjellkyrkja. Visjonen er framleis klar ved 50-årsjubileet: «at fleire må få sjå det at Jesu frelsarverk gjeld alle og at alle kan få del i sanniga.»

Det står ein notis i september 1985 om storsamling for lagsungdom i Orkdal. Trøndertreff blir omtala som invasjon av lagsungdom frå begge Trøndelagsfylka. Heile TT går føre seg på Follo. Bygdafolket er velkomne til gospelkonsert og songmøte og TT deltar på gudstenesta i Orkdal kyrkje på søndagen. Etter dette er det smått med stoff frå Follo i Orkdal menighetsblad. Kyrkjelyden har sitt eige

ungdomsarbeid som får god plass i bladet, og orkdalsungdommar som går på Follo deltar nok i den lokale kyrkjelyden sitt ungdomsarbeid.

Kristenartianarane og deira misjonsaksjon får oppslag kvart år. I 1976 er det framsidebilde av KA-gruppa på 28 frå Follo i 1978 les vi om 21 i KA-gruppa og prost Kaare Rogstad takkar for det dei gav gjennom desse 3 åra på Follo: «Alltid ja til hjelp». I 1979 var det 18 og i 1980 var det bilde av 11 i KA-gruppa.

Og i 1983 står det at Follolaget inviterer alle i bygda til julefest på Follo den 20. desember. Denne tradisjonen blir altså framleis halden i hevd.

På 1990-talet er det lite stoff om Follolaget i Orkdal menighetsblad. Men det er mykje omtale av ungdomsarbeidet i kyrkjelydane i Orkdal. Særleg tydeleg er det at ungdomskoret Join Us (som Solveig Slettahjell var med og starta) var eit ungdomsarbeid som også Folloelevarne engasjerte seg i og som i ein viss grad erstatta skulelaget. Og så kan vi lese om at skulelagsarbeidet fann seg nye arenaer. På Svorkmo starta kristeleg skulelagsarbeid i 1985 og feira 10-årsjubileum i 1995, står det i menighetsbladet. 1993 les vi om Svorkmo kristelige skolelag som samlar 20-30 elevar på skuleandaktar på Årlivoll ungdomsskule. (Når det gjeld skulelaget på Svorkmo så er det gledeleg å nemne at det framleis i 2014 samlar ca 20 elevar til aktivitetar med Astrid Fagerli som leiar.)

Same året les vi også at KRUTT (Kristelig skolelag på Grøtte ungdomsskole) vart starta: Ola Sjømæling, Solveig Bjørset og Guri Ree Bjørkås var leiarar. Det er 3 oppslag om KRUTT i menighetsbladet i 1993-94. I 1995 konstanterer redaktøren Bertel Aasen at det er «eit rikt ungdomsarbeid i Orkdal» og nemner: Join Us, KRUTT, Svorkmolaget og Motorklubben.

I nr 1/1993 blir leiaren i det kristelege skulelaget på Follo, Line Krutvik, intervju om nyårstankar.

I 1997 blir Kristin Fagerli intervju om kristen tru og om det å vere kristenruss. I åra etterpå deltar kristenrussen av og til på gudsteneste i Orkdal med takkoffer til misjonsprosjektet sitt, men no er det enkeltelevlar frå Orkdal som representerer eit kristenrussarbeid som har sin base på KVT.

### *Orkdal menighetsblad i påskenummeret 1974*

NKSS 50 år dette året. Orkdal gymnas 50 år i 1973.

Heile bladet er prega av stoff om Follolaget. Berit Bakken, Gunnhild Bjørkhaug og Ivar Nerhoel har laga dette stoffet. Men på framsida er intervju med rektor på Follo, Torgeir Slaastad. Redaktøren, res.kap. Inge Eidhamar, er timelærar på Follo og «merka at det framleis pulserer ånd i gymnaset». Eidhamar blir vist rundt på Follo og får sjå Lagsrommet. Skulelaget er einaste organisasjonen på Follo som har fått tillit til å disponere eige rom. Rektor seier dei har vore tilliten verdig. Skulelaget er det mest stabile laget.

Det er aldri noko tull på deira arrangement, det dei driv med fungerer. Follolaget har makta å lage eit miljøalternativ på skulen, meiner rektor. Og mange som ikkje er medlemmer av Laget har bruk for dette miljøet, seier han. Lagsfolket er respektert i elevflokkene. Dei vågar å stå på sine standpunkt. Julefestane er spesielt kontaktskapande, og julemiddagane som ein tidlegare hadde. Da var det

lagsmedlemmene som prega samværa. Mange kjem til gymnaset utan kristne kameratar og veit ikkje at det finst andre unge kristne, for dei har Laget spesielt stor betydning. «Dessutan synes eg skulelagsfolka er sunt redde for å isolere seg, enda ein kanskje kan sjå det er klikkmentalitet på skuleplassen.» Generelt sagt er dei redde for å skille seg ut. Rektor Slaastad meiner også at skulelaget har vore utadvendt i bygdamiljøet. Han nemner Orkanger Tensing som positivt for å engasjere seg for ungdom i Orkdal.

Rektor tar også fram at skulelagskoret og KA (Kristenrussen) har presentert Orkdal gymnas svært fordelaktig i større samanheng. Her understrekar intervjuaren at Skulelagskoret representerte Orkdal gymnas på ein framifrå måte på sin Nord-Norges-turne sommaren 1968. Rektor trur faktisk at foreldre i andre bygder har sendt barna sine til Orkdal gymnas på grunn av skulelagsmiljøet her. Men slike ønske passar ikkje inn i det datamaskinopplegget vi no har for opptak. Dette er ei t tap for miljøet her.

Skulelagsfolk frå Follo held også tydeleg saman etter russetida. Rektor nemner ei helsing til 50-årsjubileet for skulen frå skulelagsfolk i Oslo. Det var samlingar for tidlegare lagsfolk frå Follo i Oslo som skulle vere til hjelp og støtte i livet som studentar, men som også var naturleg som vidareføring av eit sterkt vennefellesskap i gymnastida.

Rektor kjem med ønske for skulemiljøet: «Det er skuffande tendens til meir fyll ved tilstellingar blant elevane. Eg vil ønske framgang for lag og organisasjonar som kan skape alternativ til det lokale festmiljøet som ikkje er bra. Han tenkjer på politiske grupper, elevlag, kristent skulelag osb. Ein må skape grupper som viser at det er fornøyelse å vere saman utan fyll.»

«Eg meiner lagsfolk må vere merksam på at det er mange som ikkje fullt ut har slutta seg til laget, men som sympatiserer med mye av det dei står for, som i alle fall vil unngå dårlig miljø» avsluttar rektor.

Laget har ein grundig presentasjon av arbeidet sitt i dette menighetsbladet. Haustsemestret 1973 vart det halde 6 lagsmøte + songmøte, medlemsmøte, lagsweekend og julefest. Medlemsmøte er ved «eigne krefter» og hovudprogrammet er frie virnesbyrd. «På slike vitnemøter kjenner vi samhørigheten i Kristus på en særskilt måte.» Solhøgdaweekend med Tingvollaget og julefesten med foreldre og lærarar og mange follotræler utanom medlemsmassen er halden i hevd. På julefesten kom også mange tidlegare follotræler, skriv dei. Foreldrefesten om våren er framleis eit stort arrangement med foreldre og lærarar. Lagskoret har 30 medlemmer dette året med Inger Marit Hagen som leiar, og søstera Randi som akkompagnatør. Koret øver kvar måndagskveld etter bønnemøtet. Laget er delt opp i bibelstudiegrupper som samlast i eller etter skuletid. Kvar onsdag i langfri er det andakt i Lagsrommet. Av og til andakt på aldersheimane på Orkanger og Fannrem, men altfor sjeldent. Lagsjobben er i hovudsak potetplukking på Eikli.

Det er eiga KA-gruppe. Fleire nye medlemmer hadde komme til i løpet av året. Dei ber lesarane av menighetsbladet om forbønn for Laget.

Ivar Nerhoel skriv om NKSS. Oppgaven er å samle kristne skolelever om Jesus Kristus- og gå ut til alle med evangeliet. Ved 50-årsjubileet hadde dei 18 lokale sekretærar og 8 sekretærar med heile

landet som arbeidsområde. Aldri har staben vore større i NKSS. Medlemstalet i Follolaget har vore ca. 50 dei siste åra. «Vi i Laget legger stor vekt på kameratskapet i tillegg til det åndelige fellesskapet.»

I andakten i dette menighetsbladet skriv Nerhoel om å sette sin lit til rikdommen, og minner om at vårt forhold til pengar har alltid stått sentralt i kristendommen. Eigentleg er det berre ein ting vi treng: «Vi må først og fremst lære oss til å stole på Gud og til å komme med alle store og små problemer til Ham. ...vi skal slippe å gå rundt å være triste, mismodige mennesker som ser ut til å ha kommet direkte fra en forferdelse. Bekymring er mistillit og vantro til Gud.»

## Doggdråpen

Det er ukjent for meg kor lenge lagsavisa Doggdråpen vart skiven. Det finst ei bok som inneholder prologar og dikt og andakt og forteljingar som vart opplese ved kameratslege samvær av lagsfolk frå Orkdal og Trondheim. Den første samlinga var på Fannrem misjonshus 29. januar 1938. Signe Sagberg har skrive ein del her. Kanskje var dette opphavet til lagsavisa Doggdråpen?

Iallfall er det bevart handskrivne bøker frå 1960 til 1975 der det er skrive lagsavis med ulikt innhold. Avisa vart lese opp på festkveld for nye lagsmedlemmer og andre festlege høve. Redaksjonen for lagsavisa var skrifeføre gutter og jenter som skreiv eigne dikt, forteljingar eller kåseri, men det er også mykje avskrift av dikt og småstykke om kristne tema. Mykje er andaktsliknande stoff med refleksjoner over bibelord og kristenliv. Men her er og ein god del humoristisk stoff om livet på Follo eller ord til underholdning. Det er mange utgåver av kåseri om Follolivet med gode råd til førsteklassingar som skal begynne på hybellivet. Til tider finst det også innslag av høg litterær kvalitet. I 1963 står eit tragisk poem av H. Aune: «Bondeguttens kjærlighet» som endar med: «Jeg vil ungkar nu forblive, leve utan deg for livet. Jeg kan meg ei med tanken nu forsoner at jeg skulle ha en sådan kone.»

Asbjørg Killingbergtrø skriv om skikk og bruk på Follo der ho gir gode råd for nye hybelbuarar. Hyblane har visittid 8-11 om kvelden og førsteklassingane må kjope seg kjet og kaffi og trenere på kaffidrikking. Og ikkje gå på hyblar nedst i dalen, for der er det så stygg ei lukt. Vi finn lærarsitat i lagsavisa: I. Dyrkorn: Motet sitter jo i hjertet. Pastor Olsen: Smilet har vorte ei maske i vår tid. I 1961 står det ei 9-siders forteljing om ein påsketur- og seinare ei fortelliong om gymnasiastar og klesvask. Helge Høen skriv dikt. Ein kan lese eit 11-siders manus til ein film om eit skuleår på Follo. Nokså informerande! John Stokkan skriv om heimlengt for hybelbuaren når «mjølka er sur og tevatnet frosi, påleggget mugge og brødet er tørt».

I 1963 kom det ut eit 17. mai-nummer som vart opplese på ein tur til skulehytta Hauklia på nasjonaldagen. Her er mange tips til 17.mai-talarar, Erkenasjonalromantisk vrøvl om et nordmørsk frieri,- og til slutt ein 5 siders rapport om eit kjemi-forsøk: Forsøk nr. 1278: «Kokelse av vann.» Etter eitt år på Follo, skriv Kåre Bjørkøy om førsteklassingen i 1965, og avsluttar slik: «Og slik er vi visst alle. Vi lever i nået og tenker på vår framtid, og ofte til en førsteklassing vi har lite å gi.» I 1966 kom Droggdråpen ut med: «Ramponisasjon av telefonstolpe». Og avskjedssong til kristenrussen med namngitte kommentarar: «Austigard med Bjørnsonslugg. Held du målet reint for knot blir du ingen idiot.» Asmund lik en navnebror «går og leitar etter ord». I 1969 presenterer redaksjonen ei avis som

«er svært god», med skrivarhovding Kristoffer Kruken. I 1973 kom Doggdråpen ut med godt stoff og vakker handskrift!

Siste utgåva av dette litterære produktet i Lagshistoria kjem 17. februar 1975. 4 lagsjenter fortel om vasking av Lagsrommet og rydding i skapet og tetting av hol i veggen med garn og lim, talg og potekak og kaffe. Ubedne gjester var ikkje uvanleg i skap og lager.

Siste skriveriet i Doggdråpen er faktisk ei helsing frå ein Follo-kveld i Vika 31. oktober i 1975. Dette viser at Doggdråpen vart utlånt til Follokveldar i Oslo. Olaug Gjelsvik heldt andakt. Folloposten og Folloruss vart opplesne. Lysbilde frå Follo vart framvist. Så avsluttar skrivaren AB(?): «Kan hende er Follo-ånda dalande på Follo, men her i Tigerstaden er ho levande og sterke. Det eg er mest glad for frå Follo, er at der møtte Jesus meg igjen og igjen.»

## Follo sine jubileumsbøker og Follolaget

### 50-årsboka 1973

Oddbjørn Rolf Hustad frå Bud i Romsdal skriv om tidlege Follo-år: «Kunnskap fekk vi på skolen, og praktisk røynsle til å greie oss sjølve på hybelen. Kanskje fekk vi beste utdanninga for livet gjennom dei ymse lag og interessegrupper vi var aktivt med i på skolen: Elevlaget «Mjollnir», det kristelege skolelaget «Concordia», Unge Høire, idrettslaget «Follogutane» o.fl.»

I denne boka er det også eit avsnitt om Det kristelige skolelaget, KA og Koret. Laget presenterer seg sjølv med grunnlag og visjon for arbeidet. Ca. 50 medlemmer og lagsmøte kvar 14. dag med tilreisande talar. Skuleandakt kvar onsdag i lagsrommet i langfriminuttet. Laget er oppdelt i bønnegrupper. Open House i lagsrommet er samlinger med song og samtale. Lagskoret har 30 medlemmer. Og øver ein gong i veka.

### Jubileumsboka 1948

I følge jubileumsboka i 1948 står det også litt om Lag ved skulen. «Frå 1932 har det vore eit kristeleg gymnasiastlag ved skulen. Det har mellom anna fleire gonger skipa til kristelege student- og gymnasiamøte i påsken, med innkvartering og matlag på Follo.»

### 75-årsboka 1998

I 75-årsboka frå 1998 står det om Follolaget: «Heilt sidan 1932 har det vore eit kristeleg skolelag på Follo. Det har hatt stabil oppslutning på 40-50 medlemmer i tida 1945-1964. Laget har hatt lagsmøte kvar 14. dag, og elles skipa til opne festmøte, mellom anna ein juletrefest open for alle som er knytte til skolen. Det er særleg grunn til å nemne lagskoret, som til tider nådde høgt fagleg. Koret har medverka ved mange tilstelningar både ved og utafor skolen.»

I avskjedsintervjuet med rektor Trygve Ræder i Folloruss 1968, som er tatt inn i 75årsjubileumsboka framhevar han også elevlaga ved skulen. Han hadde vore lærar på Oslo-skular og i Trondheim. «Største skilnaden er likevel elevaktivitetene. Det var lite med elevaktivitetar i Oslo. Men eg ser med stor interesse på lagsverksemda her ved landsgymnaset. Vi har det kristelege skolelaget med si markante holdning, fråhaldslaget Sverre, En Verden. Slike lag er ein styrke for skolen. Ja til og med

sokkedansen har sin raison d'être. Vi må ha avslapping, elevane må få føre eit menneskeliv og ikkje berre ha minne om harde arbeidsøkter. Da blir livet fattigare enn det burde vera. Vi lever i eit overskotssamfunn – derfor har elevlaga sin plass.»



*Rektor Trygve Ræder var positiv til «dei frie aktivitetane» ved skulen.*

### **Asbjørn Øverås i profil**

I boka: «Asbjørn Øverås i profil» skriven av Trygve Ræder står det fortalt om dei første åra til Orkdal landsgymnas. Prost Brage Høyem var ein pioner i arbeidet med å få til skulen. Høyem var styreleiar for skulen i dei første ti åra, og i tillegg timelærar i kristendomskunnskap. Da Anders Skrondal var ventande som nyutnemnd sokneprest i Orkdal i 1934 skreiv styreleiar Sommervold eit brev til Skrondal der han ber Skrondal ta over som lærar i kristendomskunnskap ved gymnasets, fordi det ville styrke skolens renommè. Ikkje lenge etter at Skrondal hadde komme til Orkdal, vart han leiar i styret for landsgymnaset. Skrondal hadde sin doktorgrad, og i meldinga som skulen sendte trondheims-bladet «Nidaros», vart det understreka at den nye formannen var «dr. theol.».

Det kristelege skulelaget og dei andre elevaktivitetane har ikkje nokon brei plass i det som har vore skrive om Follo historie. Det hadde vore av interesse for mange at det hadde vore skrive meir utførleg om historia til elevlaget «Mjollnir», fråhaldslaget «Sverre», mållaget, Fotoklubben, Afrikakomiteen som hadde kontakten med vennskapsskolen Moeding College i Sør-Afrika, dei politiske laga – eg trur det var 15 aktive elevlag på Follo på 1960-talet. I 75-årsboka med Audun Eftedal som redaktør, er det skrive litt historikk om idrettslaget Follogutane og skuleavisa Folloposten, men dei andre aktivitetane er det skrive lite om. Det kristelege elevlaget vart nok heile tida sett positivt på av rektorane og styret. Lektor Anton Gerhardt Nødtvedt var ein viktig støttespelar for det kristelege skulelaget i alle år. Nødtvedt var også talar på mange lagsmøte. Det var også prost Anders Skrondal. Som talalar på lagsmøte var også brukt seinare timelærarar i kristendomskunnskap: Olav Olsen, Jostein Hatlebrekke, Einar Stueland, Olaf Havidal og Inge Eidhamar. Alle desse var prestar i Orkdal og Børsa, og var vel kontaktmenn mellom skulelaget og lærarrommet og bygda og kyrkjelydane.

## Gymnasiastarbeidet - Orkdal Gymnas

REKTOR TORGEIR SLASTAD

Når Norges kristelige student- og skoleungdomslag nå fyller 50 år vil Orkdal gymnas gjerne få være med i rekken av gratuleranter. Vi ser det arbeid som Norges Kristelige Student- og skoleungdomslag utfører som svært verdifullt.

Orkdal gymnas har alltid hatt forholdsvis mange aktive elevlag. Det kristelige skolelaget, eller Laget som det heter daglig, har alltid hatt en spesiell plass i skolemiljøet. Mens andre elevlag opplever store svingninger i interesse, så har Laget arbeidet uvanlig jevnt og stabilt. I over 40 av de 50 år skolen har eksistert har Laget vært i virksomhet, og i dag har Laget 50 medlemmer av en elevflok på ca. 400. Av det programheftet som styret i Laget utarbeider først i hvert semester, framgår det at det er faste 14-daglige arrangement, medlemsmøter og åpne møter, men også mer spesielle arrangement som julefest, foreldrefest, week-end turer sammen med lagsmedlemmer fra andre skoler. Eksempelvis er julefesten faktisk blitt et tradisjonelt innslag som samler mange av skolens lærere og elever. Men gjennom semesteret skjer det langt mer enn det offisielle programmet viser. Laget disponerer et kjellerrom som medlemmene har pusset opp på dugnad, og der er det stadig aktivitet. Der holdes andakter, der er møtested for bønnegrupper, dit inviteres skolens elever til «Open house», og der har lagsmedlemmene sitt uformelle samlingssted.

Laget har 2 «avleggere». Sangkoret, som nå har 30 medlemmer, har øvelse hver uke. Dirigenten rekrutterer blant elevene, og mang en musikkbegavet ungdom har her fått sin første virkelig store oppgave. Prestasjonene ligger vanligvis på høyt nivå. Koret er selvsagt med på Lagets arrangement, men det er også aktivt ved mange andre skolearrangement, og på møter og tilstelninger ellers i distriket.

KA (Kristne Artianere) er en gruppe 3. klassinger rekruttet fra Laget. De arrangerer sammenkomster for resten av 3. klassingene og de «feirer sin russetid» med en 14 dagers rundreise i distriket. Turen har dobbelt formål: å forkynne Guds ord og å samle penger til et misjonsprosjekt. Hver kveld deltar KA medlemmene på tilstelninger, dagene brukes til salg av en spesiell avis som utgis av kristne artianere i Trondelag. Praktisk talt hver eneste heim i distriket får besøk.

Lagsaktivitetene krever grundig forhåndssarbeid, og både gjennom samarbeid om praktiske oppgaver, og ved det positive miljøet i Laget, Koret og KA skapes samhørighet og vennskap mellom dem som er med, som ofte varer langt utover skoletida. Ikke minst har dette stor verdi for dem som etter gymnaset må reise heimefra for videre skolegang, studier eller arbeid.



Rektor Slåstad ved Orkdal Gymnas.

Laget har alltid hatt godt samarbeid med skolen, vi er imponert over hvor dyktig og sikert det arbeides.

For kristne heimer som sender elever til skolen føles det selvsagt som en betryggelse at deres barn får kristne kamerater og kan være i kristent miljø i fridida.

Men etter min mening er det kanskje av aller størst betydning at elever som ikke er kristelig interessert, elever som ikke kommer fra kristne heimer, i skoletida kan se at det finnes et alternativ til den holdning som svært mange av tidens ungdom har til etiske spørsmål. Her kan de oppleve at det finnes mange ungdommer som har et fast kristent standpunkt, men som samtidig går fint sammen med de øvrige elever, og som kan forene alvor og moro.

Lagsmedlemmene opptrer i det daglige skolemiljøet er deres største oppgave, deres beste vitnesbyrd. Jeg ser derfor med liten glede fram til om vi skulle få en samling av kristelig ungdom på en skole. Da ville de andre elevene miste den mulighet de nå har til å se positivt kristent ungdomsmiljø i praksis, og kristen ungdom mister den utfordring det er å måtte vise ansikt overfor ungdom med annen innstilling.

I takknemlighet for det arbeid som Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag driver ønsker vi til lykke med jubileet, og vi uttrykker håp om fortsatt vekst og framgang i arbeidet, både i hovedorganisasjonen og i lagsarbeidet ved de enkelte skoler.

*I 50-årsskriftet til Norges kristelige student- og skoleungdomslag står denne artikkelen av rektor Torgeir Slåstad ved Orkdal gymnas.*



# Tro & temperament

Nils Arne Eggen ber ikke så mye, men han ber gjerne om tilgivelse når han har gjort noe galt. Temperamentet farer av sted med den populære Rosenborg-treneren rett som det er, men han er ikke sen med å skvære opp. For eksempel med Molde-trener Åge Har-eide i et åpent brev i landets største avis.



Jeg er en folkets mann også på det religiøse området. Det er den folkelige religiøsitet jeg har mest sans for. Hjemme på Orkdal hadde vi både misjonshus og bedehus. Misjonssambandsfolk møttes på misjonshuset, og på bedehuset var det Indremisjonen som rådde grunnen. Den som har vokst opp i et slikt miljø, glemmer det ikke. Du har fått en grunnplanke i livet med en slik bakgrunn.

#### Nytestamentist

Nils Arne Eggen beskriver seg selv som «nytestamentist». Han er glad i Jesus-fortellingene, men kan styre sin begeistring for Det gamle testamentet: — Vi hadde bibelhistorie i første time hver dag på skolen. De skulle aldri ha fjernet bibelhistoriene fra undervisningen. Bedre lærebok i etikk enn Det nye testamente finner du ikke. Billedspråket er rikt — du finner knagger å henge trua på som varer livet ut. De gamle skolelær-

erne hadde et yrkeskall som var dypt fundert i det kristelige, og de var ikke redd for å gjøre det tydelig for elevene.

#### Kanaans språk

Rosenborg-treneren og norsk-lektoren er ikke så redd for litt Kanaans språk hverken i religiøs sammenheng eller innen idretten.

— Ethvert miljø må ha sitt språk for å fungere. På fotballbanen trenger du ikke søke psykiatrisk bistand om du blir kalt for en idiot. Jeg tror det er litt verre hvis det skjedde i et menighetsrådsmøte. Vi trenger adrenalín på fotballbanen.

— Men uttrykket «rævvafotball» er du vel ikke spesielt stolt over å være opphavsmann til?

— Nei, det var dumt av meg. Det er ikke noe å bortfortklare. Jeg gjorde noe dumt og uhøflig, men har også skværet opp.

*forts. side 2*

*Fortsettelse side 30*

Dette intervjuet som redaktør Helge Simonnes i avisa Vårt Land hadde med Nils Arne Eggen i 1994 kjem også inn på Eggens syn på kristelege skulelagsfolk. Eggen var lektor på Orkdal vidaregåande skule i mange år, så hans erfaringar med lagsfolk var nok herifrå. I skulelaget hadde Eggen sett samsvar mellom liv og lære, seier han og understrekar kor mykje skulelaget betyr for miljøet ved ein skule.

*Intervjuet stod på trykk i Orkdal menighetsblad i 1994.*

**Etikk**

Som kjendis og lærer i videregående skole er Nils Arne Eggen bevisst på at han er et forbilde. Etikk er viktig for han, og en viktig samttalepartner i den etiske bevisstgjøringen er direktøren i Rosenborg, Rune Bratseth.

– Det har vært skrevet spalte opp og spalte ned om trua til Rune. Vi snakker ikke så mye tro, men vi er begge etisk bevisste. Vi er grunnleggende enige om at etikk er viktig. Det som skiller oss er at jeg ikke har et klart bilde av et kommende paradis. Det er vel rasjonalisten som trer fram i meg, sier Nils Arne Eggen.

Rasjonalisten er likevel glad i de kirkelige symbolene. Han snakker med den største selvfølgelighet om kirken som bærer av sakramentene. Han tror at dåp og nattverd gjør kirken tydelig for folk. Bryllup uten kirke synes ikke Nils Arne Eggen noe særlig om.

- *På fotballbanen har vi et uttrykk som heter «å ta ut dybde». Tar du ut dybde åndelig sett?*

– Jeg er ingen ivrig kirkegjenger. Min religiøse aktivitet skjer i enerom. Blant annet er det noen som har ordnet det så viselig at hvert hotellrom er utstyrt med et Nytestamente eller en Bibel.

- *Så Eggen søker oppover før kampene?*

**Gud og makkamp**

– Ikke for å hente hjelp til kampen. Det blander jeg ikke

Gud borti. I det hele tatt er jeg skeptisk når Gud blir trukket inn i makkamp. Når religion blir spørsmål om makt, da er det fare på ferde. Det er ikke et ankepunkt mot kristendommen, det gjelder alle religioner.

Både gjennom lærer- og fotballgjerningen treffer Nils Arne Eggen mye ungdom.

– Jeg beundrer kristne ungdommer som holder fanen høyt. Det kristelige skulelaget på en videregående skole betyr mye for et miljø. Her finner jeg samsvar mellom liv og lære. Det er viktig for meg, avslutter Nils Arne Eggen – før han skal ut og gi sine fotballdisipler en passende dose med motivasjon og verbal julung.

Av Helge Simonnes, Vårt Land

**Kristne trues med korsfestelse**

To tidligere muslimer i Sudan er dømt til korsfestelse for «frafall fra Islam og overgang til kristendom». De to, Abdallah og Muhammed Mediani, ble også dømt til 80 piskeslag hver i påsyn av sine nærmeste. Da en av sønnene deres ikke holdt ut synet lengre og rykket til seg piskens, førte det til at samtlige 28 familiemedlemmer som overvar avstraffelsen også ble arrestert. Nå frykter Kristent Informasjonssentrum i hovedstaden Khartoum at korsfestelsene vil bli utført om ikke lenge.

(Hämmets Vän)

## Follolaget etter 1973

Eg har ikkje styreprotokollar etter 1973 og ikkje møtereferat etter 1982. Kanskje finst ikkje slike formelle bøker lenger? Det var 30 medlemmer i jubileumsåret i 1982. Etter storfesten var det fire lagsmøte utover hausten. Tor Ulleland, Kjell Aarseth og Jostein Høivik hadde andaktar. Elevar frå Misjonsbibelskolen deltok på eit minilagsmøte i skuletida. Det var bollar, pølser og brus og tid til konkurransar og leik. Ein söndag i november kom Trondheim TenSing og framførte musikalen Pappa i gymsalen på Follo. Det siste møteboka fortel om er Førjulsfesten 16. desember med 70 deltakarar. Jon Roar Sandvik hadde andakt og Alternativ frå Meldal song. Meir interressant er at Lagskoret øvde i pausen og framførte to songar etterpå! Geir Lorentzen fekk til slutt overrekt gåve for all hjelpa lagsfolket hadde fått av han.

Vi veit at det var aktivitet i det kristelege skulelaget utover 80-talet og 90-talet. Det var andaktar i skuletida, men liten aktivitet elles etter kvart. Ved tusenårsskiftet vart det organisert ei allidrettsgruppe med ei kristen ramme. Dette er vel eigentleg ei arbeidsform som Misjonssambandet bruker. Men denne tida var også Vegard Troøyen Foseide kontaktperson for lagssekretærbesøk og han var representant i Landsrådet for NKSS.

I 2007 vart altså 75-årsjubileum for Follolaget feira med ei stor festhelg med over 100 deltakarar, enda vi var heilt klar på at skulelaget no ikkje eksisterte lenger. Festhelga starta med samling og omvisning og orientering på Orkdal vidaregåande skule i dag ved lektor Harald Bugge. Etterpå heldt

tidlegare lagsmedlem, no professor dr. med., Johan Moan ei forelesning om lysbehandling i kreftforskinga. Festen var på Orkdal menighetshus. Tidlegare lagsmedlem, no museumslektor ved Romsdalsmuseet i Molde, Bjørn Austigard heldt festtalen. Lagskoret gjenoppstod. Det var helsingar frå ein representant for kvart 10-år Laget eksisterte. Søndagen var det mange som deltok i gudstenesta i Orkdalskjerka.

Så avsluttar vi den historiske framstillinga av Orkdal kristelege skulelag med eit ungdomsmeleg lyspunkt og håpefullt innslag om ein nystart av kristeleg skulelag på Follo i 2014.

Den tida som mange opplevde med Follo som landsgymnas og eit gymnasiastliv på hybel kjem aldri tilbake. Slik som alle tidsepokar går over til historie. Vi levde eit liv som i ei boble på Follo. Kunnskaps-tørst og dyrking av eigne interesser, men også trong for vennskap og fellesskap. Og det var også opning for nye tankar og den store verda med sine utfordringar. Det kristelege skulelaget var der som eit svar på behovet for kristent fellesskap og støtte. Det var medlemmer som visste kva dei stod for, og som meinte dei hadde eit budskap som alle menneske hadde godt av. Det var idealisme og tru, som ikkje alltid var praktisert med like stor visdom og klokskap. Vi var prega av vår tid – og vår bakgrunn. Til alle tider har folk som deler den kristne trua hatt behov for å samlast, men dei kristne fellesskapa har aldri vore fullkomne! Også i 2014 er det nokre Follotrælar som finn det naturleg å ha eit fellesskap:

## Follolaget

For mange av leserne av Orkdal menighetsblad er Follolaget et begrep. Et kristelig skolelag ble starta på Orkdal landsgymnas i 1932 og var et betydningsfullt innslag i skolemiljøet i et par mannsaldrer. Ikke minst var det betydningsfullt for livsmestring og livsretning for mange enkelt-personer.



Ved tusenårskiftet skranta skolelaget og aktiviteten ble lagt ned. Men siste skoleåret hørte vi rykter om at skolelaget hadde begynt å røre på seg igjen! Vi tok kontakt med Bernt Kristian Svorkdal og Mathilde Klungland Ljøkje for å finne ut hva som skjer på Follo.

*Hva gjorde dere for å få igang et kristelig skolelag på Follo igjen?*

- Vi snakket med Elisabeth Hogstad Nilsen, som er leder/sekretær (vet ikke helt) i NKSS (tru jeg). Hun hjalp oss å etablere, noe som var enkelt.

*Hvorfor gjorde dere dette?*

- Fordi det eksisterte et skolelag der vi gikk på grunnskolen. Dette syntes vi var morsomt, og ønsket å få til noe lignende på Follo, siden vi har mange positive erfaringer og minner fra laget på Svorkmo.

*Er det noen andre interessegrupper som har samlinger på Follo i dag?*

- Nei

*Er det bare orkdalinger som var med i skolelaget?*

- Ja, unntatt ei fra Rennebu



*Fikk dere kommentarer fra medelever?*

- Ingen har kommet med negative kommentarer om selve skolelaget, men flere har gitt utrykk for at de trives

*Var skoleledelsen positiv?*

- Ja, de var hjelpsomme og positive.

*Hvilken verdi har det å samles i kristen sammenheng på skolen?*

- Det er veldig fint å kunne treffes å være med i et fellesskap der du er god nok uansett. Du får en følelse av ikke å være alene om å være kristen. Det er også veldig sosialt.

Birger Foseide

Svarene er skrevet av Bernt Kristian Svorkdal.

*Fra venstre på bildene:*

Bernt Kristian Svorkdal, Mathilde Klungland Ljøkje, Erlend Fagerli og Lea Lipphardt.

## Vedlegg

*Da Orkdal kristelege russelag reiste til havs, av Gunnar Eikli*

### ***Da Orkdal kristelege russelag reiste til havs***

Ein god heim fekk eg i fødselsgåve. Misjonshuset og arbeidet i misjonssambandet hadde ein breid plass. Det høyrer elles med til dei tilhøve eg er mykje takksam for i den farsarven eg tok med meg heimanfrå. Far hadde stor tiltru til det eg hadde fått med meg i konfirmasjonstida mi hos soknepresten, dr. theol. Skrondal. Far sa ein gong til meg: "Det må vel vera *der* det hende med deg". Ein gamal solid pietist, vil gjerne dagfeste omvendinga. Om eg skulle blande meg opp i den diskusjonen, lyt eg berre seie: Det tok si tid.

Da eg noen år etter konfirmasjonen vart vald til leiar for det kristelege gymnasiastlaget, vart far litt mistenksam. Eg hadde gått Rødde ungdomsskule, og mi kristelege tilknyting var arbeidet i misjonshuset. Far hadde god plass for *Laget* (Kristelig student og gymnasiastlag) som ein velkommen del i si religiøse vurdering. Men eg trur han var redd for at lagsarbeidet ville ta plassen for det eg elles kunne gjort for misjonen. Eg må nok tilstå at da det hadde gått ei tid, fekk han rett i mistanken sin. *Laget* hadde sine faste møte, anten heime hos ein av medlemene sine eller hos lektor Nøtvedt, som vi hadde som lærar på gymnaset. Minst ein gong i kvart semester møttest *Laget* i heimen hans på Fannrem. Der kunne vi vente at kona hans gav oss ei ekstra god traktering. Og det var lett å be med seg skulekameratar dit. Berre det faktum at dei var invitert til ein gymnaslektor, kunne vere freistande for ein gymnasiast som hadde heimen sin langt frå Orkdalen. Det var forresten det vanlege for gymnasiastane ved landsgymnaset at dei kom langvegs frå. Av dei 27 som gjekk i klassa mi (som eg trur i så måte var representativ for dei 3 - 400 elevane), var eg einaste orkdaling. To var frå Orkanger og omkring eit tital var utabygdes trønderar. Resten var frå Nordland, Troms og Finnmark. Så for desse kunne det vere tema for eit heimebrev å fortelje at dei hadde vore gjest i heimen til ein av lektorane ved gymnaset. Det var med andre ord langt fleire i klassa mi som hadde heimane sin i Finnmark enn i Orkdal og Orkanger. Den sosiale situasjonen som dette vitnar om, fortel også noko om tilhøva for lagsarbeidet.

Her er det elles god grunn til å nemne det arbeidet familien Nøtvedt gjorde for i det kristelege gymnasarbeidet. Det å kunne gå til ein av gymnaset sine lektorar, og få råd for korleis ein skulle gå fram i mange saker som gjaldt *Laget*, var aktuelt mange gonger. Og det kjentes godt for alle medlemane å ha denne tilknytinga til lærarpersonalet. Lektor Anton Nøtvedt gav tryggleik å oss alle, og var god å ty til i mange saker for dei han fekk kontakt med.

Det kristelege russelaget hadde eit medlemstal som ikkje var noe å skryte av. Om vi seier sju eller tolv så er vi i nærleiken av sanninga. Når ein er så usikker som eg er no, heng det saman med at det meldte seg noen som var usikre på seg sjølve i russetida. I starten var vi visstnok sju. Men det viste seg at vi drog med oss nokre kandidatar etter kvart som fleire fekk vite at vi eksisterte i miljøet. Dei var visst litt usikre å det ordinære russemiljøet, og også på det russelaget som sette på seg adjektivet "kristeleg". Men det er eit faktum at når vi møttest var vi som oftast fleire enn sju. Noko fast møtetid hadde vi ikkje. Det er noko som russe må leite fram i tida før og etter 17. mai. Og fann vi ei høveleg møtestund, vart meste tida brukt til å døfste organisering. Det som gjorde planleggingsarbeidet så viktig hang saman med det som for oss dominerte russetida ved Orkdal landsgymnas våren 1938 – samarbeidet med *Laget* i Trondheim. Det var det som sette samvær og karakter på det kristne russelaget ved Orkdal landsgymnas det året. Grunnen til det var at i Trondheim hadde det kristne russelaget planlagt ein tur til øya *Grip* langt uti havet utanfor Kristiansund. Og det skulle bli turen Orkdal landsgymnas i 1938 gjorde til Grip fyr som dominerte russefeiringa for oss som fekk vere med på den reisa.

Den første døftinga av den turen, gjekk for seg i løyndom. Å reise så uhorveleg langt i tida før krigen, vart av vanlege folk rekna som meiningslaust. Dei fleste tjugeåringane i mitt bygdemiljø hadde ikkje vore lenger heimanfrå enn at dei kunne nå heimen utan å måtte ty til rikstelefond. Dei

stadene som ein kunne nå ved å bruke lokalbåtar på Trondheimsfjorden, og den tre mil lange elektriske jernbanen mellom Tamshavn og Løkken var dei reisemiddel som dei fleste orkdalingar fekk nøyse seg med før den siste verdskrigen. Ei reise så langt som til Kristiansund, for ikkje å seie Grip fyr, vart det folkesnakk av. Eg gruva meg lenge før eg våga å nemne reiseplanene våre til far. Eg visste nemleg at for han, som måtte skaffe reisepengar til den elles kostbare gymnasiassten sin, vart dette problematisk. Dei andre eldre og yngre barna hans kunne gjere nytte for seg i fjøset og på åker og eng. Men for meg, som fekk bruke både arbeidstid og fritid som det høvde seg for meg, var det ikkje lett å be om reisepengar til ein russetur langt uti Norskehavet. Far måtte tenkje seg om ei tid før han kunne gje meg noko svar. Det var godt at han kjente til dei som hadde planer om turen både i Orkdal og i Trondheim. At Olav Uglem, sonen til ein kjent misjonær, var turdeltakar, hjelpte meg i det val han måtte gjøre. Turplanane var elles ein idé frå Trondheim. Men dei samferdsels-middel dei helst ville bruke, høvde best for eit litt større reisefølge enn det dei kunne stille opp med. Difor vart det stor glede i Trondheim da dei fekk greie på at det kristeleg russelaget i Orkdal kunne tenke seg å dra saman med dei. Bussen, som dei i Trondheim hadde leigt, gjekk gjennom Orkdalen, til Vinjeøra i Hemne. Dit kom vi, drygt 20 russekledde, forventningsfulle, ungdomar, for å gå om bord i ein leigd motorbåt, som skulle ta oss med til Kristiansund. Denne kombinerte buss/motorbåtturen var noko nytt for dei fleste av oss. Men vi fann oss ei tofta å sette oss på i den vesle farkosten. Det var berre noen av dei som hørte heime i Nordland og Finnmark som kjente seg heime i ein liten motorbåt. Dei kunne oppføre seg som fagfolk. For dei fleste av oss var denne reisemåten noko ekstraordinær. Vegen frå Orkdal via Vinjeøra og rakt utover Vinjefjorden til Kristiansund ser på kartet ut til å ligge på ei bein linje og rett vestover.

Trondheimsrussen starta bussturen grytidleg på morgonen, og tok med seg ti kandidatar frå Orkdal landsgymnas da dei gjorde ein kort rast på Fannrem. Men småkrokane på bilvegen og farten på motorbåten gjorde likevel denne turen til eit langt dagsverk. Vi kom til Kristiansund seint på kvelden, og var glade for å kunne ty til dei natterom som KFUM-ungdomar i Kristiansund hadde gjort i stand til oss. Reisedagen hadde teke såpass av kreftene våre, at det vart ingen kveldsprat etter kveldsmaten. Vi fant oss best til rette i senga før den nye dagen, som vi hadde sett så store forventningar til.

Den tok til litt uventa. For motorbåten vi var komne i, hadde andre oppdrag enn å frakte oss vidare til det som var vårt store mål, Grip. Vi måtte få våre vene i Kristiansund til å hjelpe oss med å leige ny båt. Det gjekk forresten heilt greitt, og det tok ikkje så lang tid før kursen stod rett til havs. Denne gongen var det øya *Grip - Grip kyrkje og Grip fyrtårn* vi skulle oppleve. Den omtale som desse objekta hadde fått i dei siste dagane, hadde komme så nær inntil kanten på det som hadde truverdig eksistens. at alt det som var sagt om dei, låg på grensa mellom det som var truleg og utruleg. Den eine etter den andre reiste seg i båten, og prøvde å få ein glimt av det utrulege dess nærmare vi kom.

Det hadde forresten blåst opp til ein vind som gjorde landkrabbane om bord litt usikre på kva som venta oss ute på havet. Men vi hadde såpass respekt for det ukjente, at ilandstinga gjekk greitt. Men det synet som møtte oss var utruleg. Husa låg så tett innpå kvarandre, at fleire stader nytta det ikkje å pressa seg mellom to heimar. Når ein såg på busetnaden, gjekk samstundes tanken på brannfaren, Tok det brann i ein heim, måtte alle heimane brenne. Så tett låg dei innpå kvarandre. Eitt av husa låg så tett innpå kyrkjetrappa at det kjentes rart å ta første steget opp på kyrkjetrappa. På det bildet vi kan sjå i dag er det huset teke vekk. Vi steig opp på kyrkjetrappa med ei rar kjensle: Korleis kunne det sjå ut innafor kyrkjedøra?


Jauda der var stolar, ein gang opp mot koret og altertavle. Den festa seg for synet med det same ein kom inn, og det var lett å få syn på altertavla kvar ein så sette seg. At ho hadde den alderen vi hadde fått oss fortalt på vegen opp kyrkjetrappa, var det ingen grunn til å tvile på – 1600-talet, - og frå nord-Tyskland. Tenk – at dei kunne ha ein slik heilagdom så langt til havs! Alle andre kyrkjer ein hadde sett på ulike stader og på trykk vart uinteressante for ei lang stund. – Før ein

fekk seg til å sette augo på noko nytt, måtte ein liksom forandre på den kyrkjelege vyrnad ein hadde med seg, og opne seg for nye inntrykk. Det låg nær til å tenkje, – noko slikt finnest ikkje i heile verda.

Eg må tilstå at den andakten som vart halden i Grip kyrkje denne gongen, har eg gløymt. Det vart høgtid berre det å vere der. Da den var slutt, gjekk turen til brygga for å finne att båten vår. Den skulle nemleg ta oss til Grip fyr. Vinden hadde auka på, og det var med litt usikkerheit vi gjekk i båten for å gå et par kilometer lenger til havs. Vinden reiv alt i russedraktene våre der me stod på kaikanten. Men reiseruta var bestemt, og me reiste nordover mot det store fyrtårnet vi hadde sett på av og til, før vi gjekk til kyrkja. Ei vitjing i fyrtårnet hørte med til programmet vårt. På turen dit auka vinden på, og dei som styrte med reisa vår, vart berre meir og meir usikre og mistenksame. Da vi kom fram og skulle gå i land vart lyftingane vi fekk med oss med havbylgjene berre større og større, og dei som hadde ansvaret for turen valte ikkje å prøve på noko landstiging. Vi måtte nøye oss med å stire opp etter dei høge fyrveggene, og la båten komme unna dei kollisjonane den hadde vore nær på å få med bergveggene på fyrfjorden. Vi som satt i båten var vel nøgde med å få lyfte augo mot det høge fyrtårnet, og sjå at det kom lenger og lenger i frå oss. Rett nok kunne det å komme inn i det og klatre trappa til topps, vore ei interessant oppleveling å ta med seg. Men den gongen var me vi vel nøgde med å halda oss i ope hav, og styre turen attende til trygg hamn i Kristiansund. Og da eg hørte på tøffinga frå motorbåten, måtte eg tenkje vår geografiske plassering. *Russ* er henta frå det latinske ordet *depositurus* – *ut av stilling*. Og der me no satt –til havs – og ut av vår normale stilling som gymnasielevar, var me i alle fall komne ut av stillinga vår. Men eit beslektat ord frå latin var *repositurus* = å sette tilbake til stilling. Og det vart det vi heldt på med no, på vegen mot Orkdal.

*With children playing everywhere on the island, including the area just in front of the church, Grip has the ambience of a summer paradise*

Kristiansund municipality in Møre og Romsdal, recently dated to the 1600s. Stave church of the Møre type. Located on the island of Grip, about a half hour by ferry from Kristiansund (advance reservations required). Altar from the 1400s



### *Mitt minne frå Follo-laget.*

Når dei tidlegare Follo-trælane blir bedne om å komme med eit minne frå tida i det kristelege skulelaget, så er det tre ting dei fleste nemner:

1. Turen til Hauklia (skulehytta) om hausten ved semesterstart der dei nye medlemmene var spesielt inviterte. «Alle hadde med seg niste som dei la på ei fjøl, og alle åt av same haugen.»
2. Julefesten. Alle er stolte over den! «Vi song: Vi her i dette skolelaget, vi har funnet en Frelser stor.»
3. Kjønlitjønn- turen om våren til Erlinghytta der det var avskjed med kristenrussen.

Andre minne:

### *Solveig Krokli Lernæs*

Jeg husker en tur kristenrussen hadde til Trondheim. Nesten ingen av kristenrussen i den store byen Trondheim ville være med og synge i musikklaget på Torvet! De fleste av oss var fra Follo.

### *Berit Orlun Andresen f. Bakken*

Jeg er stolt over russeavisens omtale: Hun lever Herrens glade dager, men har også andre interesser!

### *Asgeir Heimstad*

Eg hugsar godt første gongen eg song solo i Orkdal kyrkje: O nåde stor og underfull. Det var starten på eit rikt liv eg har hatt vidare med song.

### *Svanhild Enstad f. Wolden*

På eit Lagsmøte vart det halde glødande offertale – kunne godt ha vore eg som hadde den- men det hugsar eg ikkje, men vi var gripne av alvoret og songoppatt og oppatt: Gud sin egen sønn oss gav – gi til du blir tom og arm, intet skal du miste! Gi til du blir rik og varm. Rikest på det siste. Stemninga var intens av offervilje, fellesskap og – det var kanskje kjærleik. Eg trur vi gav mykje.

### *Leiv Elvestad*

Koret og Arne Dagsvik sto for det mest eintydig positive ved Follolaget. For meg personlig var det en stor opplevelse at koret dro på Nord-Norges-turne helt til hjemplassen min i Nordreisa.

### *Inge Kvalsnes*

«Ein tur til Sula, der Torbjørn Johnsen var ifrå. Møtet var på bedehuset og musikklaget på Øya stilte opp og song. Ein merka at dei som song hadde opplevd ei glede som dei ville formidle vidare.» Andre minnet Inge har er frå kristenrussturneen da han vart biten av ein hund i Rindal. «Før eg fekk ringt på kom ein hund imot meg. Eg la på sprang alt eg kunne, men hunden hoppa opp på ryggen minog beit seg fast i yttertrøya eg hadde. Eg remja og skrek, og endeleg kom eg meg laus. Etter at eg hadde roa meg ned litt, kjem ei sint kvinne ut på verandaen og fortalte meg at eg ikkje hadde nokon rett til å komme til huset hennar. Det var ikkje noko trøyst å få» – skriv Inge og seier han har vore redd hundar i alle år etterpå.

*Olaug Gjelsvik Kolden*

Den gongen eg stod på scenen i den gamle gymnastikksalen og skulle «avslutte» ein kveld i ein kristen møteaksjon, sette spor.

*Ragnhild Liabø*

Å plukke gulrøtter på Ljøkjel var moro.

*Anne Kristine Bakken Hovtun*

Første julefesten. Det var tradisjon å bruke bunad. Jeg fikk trønderbunaden min til dette arrangementet, og den bruker jeg fremdeles! Ellers måtte jeg overnattet etter lagsmøte, for det gikk ikke buss til Børsa som passa om kvelden. Da ble det mange koselige og seine netter på hybelen til Mari.

*Jostein Krutvik*

Skolelaget arrangerte årlig en stor julefest på Follo. I dag tenker jeg tilbake på dette med følgende spørsmål: At vi torde?? Her ble det nedsatt ulike komiteer; noen skulle pynte, noen skulle ha ansvar for mat og kantine, noen skulle lage program som lagsfolket stod for. Julefesten ble også treffpunkt for tidligere Lagsfolk, her inviterte vi alle elevene og lærerne på Follo, og mange møtte opp. Så langt jeg kan huske kom vi alltid i «land» med æren i behold. Husk det var ganske unge arrangører. I dag vil jeg si det er imponerende og et svært godt minne.

## *Kva seier medlemmene i Follo-laget i dag?*

I samband med skrivinga av Follo-lagets historie bestemte eg meg for å kontakte tidlegare medlemmer med spørsmål om kven dei er, og kva dei tenker om skulelagstida i dag. Eg var i kontakt med førsteamansis Kristin Nordseth som arbeider med kyrkjhistorisk forsking ved MF, og professor Harald Hegstad, som er dotterson til Follos Lags-onkel lektor Nødtvedt, og forskar ved MF Erling Birkedal. Eg takkar desse tre for verdifull hjelp og rådgiving, men dei har ikkje vore konsulentar undervegs i arbeidet, og står ikkje på nokon måte ansvarlege for det endelege resultatet. Norsk samfunnsvitenskaplig datatjeneste har også vore kontakta, men søknaden om godkjenning vart trekt tilbake fordi eg ikkje ser på mine innsamla data som meldepliktige, og fordi det var nødvendig å vere knytta til ein forskingsinstitusjon for å få registrert dette som eit forskingsprosjekt. Data som eg har samla inn, blir sletta etter ei tid. Svara blir brukt i anonymisert form. Unntak er der tidlegare lagsfolk fortel om sine minne frå Follo-tida. Her er namn brukta, der innsendaren av skjemaet etter eige ønske har oppgitt namnet sitt. Dei aller, aller fleste har valt å levele skjemaet med fullt namn.

Dette betyr at denne vesle undersøkinga ikkje er noko akademisk forskingsprosjekt, men gir oss eit bilde av korleis mange tidlegare Lagsfolk tenker om kva verdi det kristelege skulelaget hadde for dei.

Gruppa av adressatar for spørreskjema er tilfeldig samansett av dei som eg har mailadresse på frå 2007 da det vart invitert til 75-årsjubileum for Follo-laget. Det er nok ei overvekt av medlemmer frå 1950 og 1960-åra som vart kontakta. Mange kom i retur pga feil adresse i dag, derfor oppgir eg ikkje svarprosent. Materialet er altså tilfeldig samansett, men volumet er så stort at det gir ein del interessante funn likevel av vurdering av verdien av kristent ungdomsarbeid.

Det kom inn 31 svar. 12 menn og 19 kvinner har svara.

Aldersfordeling pr 2014:

Under 60 år:	5
60 til 69 år	16
70 år og oppover:	10

Den yngste som svara er 39 år og den eldste respondenten er 81 år.

*Tillitsverv i Laget: 25*

*Tilsett i kyrkjeleg/kristeleg jobb etter Follotida: 12*

*Er du aktiv i kristent arbeid i dag? 31*

*Hadde tida i Laget noko å seie for val av studium og yrke? 20 nei og 11 ja.*

**Vurdering:**

Det er få respondentar mellom 40 og 60 år. Det har vore sendt ut purring på svar til fleire av dei. Dette er folk som var medlemmer i Follo kristelege skulelag i 1970-åra og 1980-åra medan Laget enno var i full aktivitet. Det er fleire moglege forklaringar: Dei har ikkje svara på dette skjemaet fordi dei er i ein aktiv livsfase som småbarnsforeldre og på toppen av yrkeskarrieren sin. Eller dei har ikkje det sterke forholdet til lagsfellesskapet fordi dei budde heime og dei var berre med på weekends og evangeliserings-aktivitetar i Lagets regi. Eller kanskje Follo-laget ikkje hadde så mykje å seie for livet deira verken positivt eller negativt?

Respondentane har i høg grad hatt tillitsverv i Laget, 25 av 30. Dette tyder på at tillitsverv i Laget gjekk på omgang. Det var mange som fekk leiarerfaring.

Alle respondentane seier dei er aktive i kristent arbeid i dag. Det seier oss ingenting om kor stor del av tidlegare medlemmer i det kristelege skulelaget som ikkje er aktive i kristent arbeid i dag. Dei finst. Men 31 svarskjema tyder på at mange tidlegare lagsmedlemmer har tatt ansvar etterpå og gått inn i kristent arbeid på ulike måtar, eller iallfall funne sin plass i det kristne fellesskapet der dei busette seg.

12 av 31 oppgir at dei har hatt kyrkjeleg/kristeleg stilling etter Follotida. Dette er mange, og kan nok tyde på at medlemsskap og aktivitet i kristeleg skulelag er rekrutterande for kristelege stillingar. Berre ein av respondentane er prest, og han skriv at Lagstida absolutt hadde mykje å seie for val av studium og yrke. Men eg kjenner jo 12 prestar som har vore medlemmer i Follo-laget! Trass i at Follo-laget stort sett var lågkyrkjeleg dominert i arbeidsformer og forkynning, så var det mange prestar som forkynte der. Men respondentane her har altså gått inn i alle slags kristelege stillingar

*Hadde tida i Laget noko å seie for val av yrke? Her svarar 20 nei*

**Vurdering:**

Men 11 seier ja, og mange av dei vart lærarar seinare i livet. 5 respondentar skriv at tida i Laget fekk dei til å sjå det som eit kall å ta lærarutdanning og gå inn i skulen. Dette seier oss at mange i skulelagsmiljøet fekk ei utfordring til å gå inn i skulen og gje neste generasjonar ei god undervisning. Kanskje også såg dei det slik at kristne lærarar var viktig for kristent skulelagsarbeid i framtida? Eit par sjukepleiarar skriv at tida i Laget hadde noko å seie for val av studiestad, men sjølvé yrkesvalet var tydeleg avgjort av andre forhold.

Så totalinntrykket av svara frå respondentane er at Follo-laget ikkje var ein utklekkingsanstalt for prestar og misjonærar.

I spørreskjemaet som eg sendte ut stilte eg nokre opne spørsmål om korleis respondentane evaluerer skulelagstida i dag. Her er det så mange interessante svar at eg lar dei fleste bli referert i eit vedlegg, men eg gir eit lite samandrag her:

*Korleis vil du uttrykke verdien det hadde for deg å vere med i Laget?*

Her er det tre verdiar som går igjen hos dei fleste:

- **Trygt fellesskap:** 18 respondentar.
- **Utfordringar til å ta på seg oppgåver:** 10 respondentar.
- **Grunnfesting og utvikling av kristentrua:** 7 respondentar.

Det er tydeleg at det opplevdes svært trygt for hybelbuarane å bli tatt vare på i eit omsorgsfullt fellesskap. Det var sterkt å komme åleine som bekjennande kristen frå fjellbygda og finne eit fellesskap av medtruande på 70 gymnasiastar!

Ein stor verdi for mange i Laget var utfordringa til å ta på seg ansvar og utføre oppgåver i samband med arrangement og aktivitetar. Med alle dei aktivitetane som lagsfolket stod ansvarlege for, måtte alle bli utfordra til å ta ansvar. Dette presset til å stå fram for å vitne og halde andakt kunne kanskje bli vel sterkt for somme.

Somme skriv også at dei kom fram til ei klar kristen truvedkjenning i Laget. Trua vart styrka og utvikla.

*Har erfaringar frå tida i skulelaget på Follo prega tru og tanke hos deg seinare?*

Her er det fire område som er nemnt:

- **Kristeleg omsorg og fellesskap:** 9 respondentar.
- **Konservativt bibelsyn:** 5 respondentar.
- **Grunnfesting og styrking av kristentrua:** 8 respondentar.
- **Songen.** Og spesielt korsongen.: 4 respondentar.

**Vurdering:**

Mange skriv at dei er tydeleg prega i tru og tanke av livet i Follo-laget. Svært mange understrekar at miljøet i Lagskoret og songen og musikken frå lagstida har prega dei seinare. Lagsmedlemmene hadde ulik bakgrunn: somme hadde aldri vore på møte med pinsevenner før, og kanskje heller ikkje med kristne frå andre organisasjonar, så Laget vart den første staden ein lærte seg økumenikk. Andre kjente ikkje miljøet på bedehuset og møtte ein pietisme i Laget som var ny erfaring. Å stå opp i ei forsamling og vitne om si kristne tru, og å bøye kne på golvet og støtte seg på ein rørstol på lagsmøte og på bønnemøte var nok også framandt for mange. Ikkje alle fann seg til rettes med det. Det verkar likevel som om at det sterke fokuset på ytre reglar ikkje hindra opplevinga av å vere akseptert i eit kristent fellesskap. Kristendom var omsorg og varme, ikkje berre strenge reglar for tru og tanke.

*Er det noko frå Follolaget du i ettertid har sett spesielt positivt på, eller noko du i ettertid tenker kritisk om ?*

Positivt:

- **Støttande fellesskap:** 8 respondentar.

Kritisk vurdert i ettertid:

- **Isolasjon og skarpe skille:** 8 respondentar.
- **Liten vaksenstøtte:** 6 respondentar.
- **Einsidig konservativ forkynnining:** 3 respondentar.
- **Myndige leiarar:** 3 respondentar.
- **For streng pietisme:** 3 respondentar.

**Vurdering:**

Igjen er det miljøet og fellesskapet som blir trekt fram som positivt. Det var sterkt samhald og lagsmedlemmene tok vare på kvarandre og ville verne om den kristne trua. Evangeliseringssiveren og kreativiteten blir også nemnt som spesielt positivt. Samhaldet og kristenrusstida blir også vurdert positivt av mange. «Vi var trygge på hverandre. Det kristne budskapet understreket at vi var like uendelig verdifulle, uansett hvem vi var. Da risikerte vi ikke noe ved å være åpne.»

Dei kritiske refleksjonane frå respondentane er i hovudsak over at lagsfolket isolerte seg frå «dei andre». Det vart sett på med mistanke at lagsfolk engasjerte seg i andre aktivitetar som elevlag, sokkedans, leikarring og russeball. Trendsettaranane i skulelaget bestemte at lagsjentene ikkje skulle delta i dans i gym-timane for eksempel. Somme skriv det var lite rom for å ta eigne val i skulelaget. Det var eit lukka miljø med lite opning for kritiske tankar. Det var lite rom for å tenke og leve utafor skjemaet. Ein samla seg i klikkar av lagsfolk både i friminutta og på fritida. Somme skriv dei ikkje vart kjent med andre enn lagsfolk den tida dei gjekk på Follo. Kanskje var det nokon som var offer for den

sterke makta som bestemte i lagsmiljøet? «Vi tenkte for lite på at det kunne finnes kristne som valgte ikke å gå på lagsmøte.»

Mange respondentar nemner at det ikkje var vaksenleiarar i Follo-laget. Det var som regel sterke leiarar, men det var berre gymnasiastar. Mange ser ut til å tenke at tettare oppfølgjing av trygge vaksne ville ha skapt eit sunnare miljø i det kristelege skulelaget.

Mange av respondentane gir uttrykk for at lagstida var ei modningstid. Kristendomsforma har utvikla seg etter skulelagstida. Den pietistiske forma med strenge krav til ytre former utvikla seg til eit friare syn på livet og trua. Det var tydelege grenser for kven som var innafor og utafor i Follo-laget, og det førte til klikkvesen og isolasjon. Dette ekskluderte dei som hadde ei kristen tru, men som ikkje passa inn i dei formene skulelaget dyrka. «Vi gjekk for det enkle evangelium, og var lykkelege med det.» «Uavklart lov/evangelium. Følte eg kom til kort. Loviskhet. Fekk seinare lande på nåderik tru, berekraftig den dag i dag.» «Vi levde i en idyll som heldigvis ikke ble satt på så harde prøver. Men jeg er rimelig sikker på at ikke alle opplevde skolelaget som noen idyll.»

#### *Kvifor er det så få som engasjerer seg i kristent skulelagsarbeid i dag?*

Her kan vi samle svar innafor følgande tema:

- **Ungdom i dag vil ikkje ta ansvar:** 6 respondentar.
- **Kristen ungdom er med på andre aktivitetar:** 7 respondentar.
- **Ungdom er aktive i frikyrkjer og andre kyrkjelege samanhengar:** 4 respondentar.
- **Kristne foreldre prioriterer ikkje kristent fellesskap:** 2 respondentar.
- **Krik samlar unge som ellers hadde vore lagsfolk:** 2 respondentar.
- **KVT og andre kristne skular gjer skulelag overflødig:** 2 respondentar.

Ellers er manglande trusopplæringsopplegg for ungdom nemnt. Og at det er krevande å etablere alternative miljø i høve til rus og truvedkjenning i dag. Kanskje er det færre i dag som har ei bevisst holdning til dette å tru? Og det er vanskeleg å få rom på skulane. Fråfallet begynte med at kristendomsundervisninga i barneskulen vart så minimal. «Det går i bølger. Skolelagsarbeid som på Follo kommer aldri tilbake. Det trenger ikke være negativt at nye generasjoner «gjennomskuer» tidligere tiders tenkemåter. Alt var ikke positivt. Men jeg er helt sikker på at det vil komme nye, kristne vekkelser.»

#### **Oppsummering**

Denne spørreundersøkinga vart først og fremst ein indikator på korleis skulelagsfolk på Follo opplevde Laget den tida det var landsgymnas. Da kom elevane frå andre bygder og landsdeler og budde på hybel i Orkdal. Alle som svara på undersøkinga har mykje positivt å seie om Laget. Det seier oss noko om at kristent ungdomsarbeid i den situasjonen, i den tida og på den måten var viktig.

- 1) På grunnlag av dette kan vi også hevde at kristent ungdomsarbeid er viktig for dei unge, men at det må vere retta mot målgruppa, og vere tilpassa den situasjonen målgruppa er i.
- 2) Dei fleste som tok seg tid til å svare på spørsmåla oppgir at dei hadde tillitsverv i Laget. Det er viktig for å bevare den kristne trua at dei unge får ansvar og oppgåver
- 3) Alle som svarte på spørreskjemaet seier dei er aktive i kristen samanheng i dag, men dei har mange kritiske refleksjonar over forkynning og miljø og livsførsel blant skulelagsfolk den tida dei

gjekk på Follo. Det kan bety at dei gjennom skulelagstida i ungdommen fekk med seg ein kjerne av den kristne tru som dei bygde livet sitt på vidare, sjølv om dei endra mening om mange ting og tok avstand frå standhaftige standpunkt i skulelaget seinare i livet. Da kan denne undersøkinga vise oss at kristentrua er levande og at kristenlivet er eit liv i endring. Det er mange kristenmiljø som er lukka og som er prega av sterke meininger og sterke leiarar. Det skjedde store endringar i Follolaget også frå den gongen ein av gründarane, Eli Kvakland, vart kritisert for å gå på ski til Hauklia i knickers - ei kvinne skulle ikkje gå i mannsklede - til hovudaktiviteten i skulelaget på Follo vart ei allidrettsgruppe! Denne spørreundersøkinga viser eit døme på mange som kritiserer det dei har vore med på i ei kristen gruppe, men som likevel har tatt vare på det kristne budskapet som livsgrunnlag.

Birger Foseide 2014.

## Evaluering av Lagstida

<i>Korleis vil du uttrykke verdien det hadde for deg å vere med i Laget?</i>	<i>Har erfaringar frå tida i skulelaget på Follo prega tru og tanke hos deg seinare?</i>	<i>Er det noko frå Follolaget du i ettertid har sett spesielt positivt på, eller noko du i ettertid tenker kritisk om?</i>
Godt fellesskap	Konservativt kristensyn. Men godt å ha faste rammer.	Laget tok vare på meg.
Samhald.	Ba for kvarandre. Turar i skog og mark. Uavklart lov/evang. Følte eg kom til kort. Loviskhet. Fekk seinare lande på nåderik tru, berekraftig den dag i dag.	For lite kontakt med trygge vaksne.
Møte andre kristne unge. Trygt fellesskap. Utfordrande oppgåver.	Traff jenta mi. Grunnfesta trua mi.	Laget for lite inkluderande. Innafor og utafor.
Ansvar og oppgåver. Andre såg på oss som hellige og prektige. Viktig at KA-folk var på juleball	Tydeleg prega. Det relativt strenge synet på kva som var synd eller kva som var tillatt, har nok blitt moderert med åra. Gleda ved å syng i kor var beste ballasten.	Trendsetterne var i overkant sjefete. Særleg dei som kunne spele piano og syng vart beundra. Forkynninga prega av ikke å skille oss like med denne verden.
Utfordringar i klassemiljøet. Diskusjon med vanleg ungdom, med skulelaget bak deg med næring og styrke. Song solo i Orkdal kyrkje første gong-mykje glede seinare.	Har nok utvikla meg. Var ganske konservativ flokk, men det fungerte bra den gongen, så det aksepterte vi.	Vi lærte oss fort som studentar å vere eit vitne for den kristne tru. Konservativ gjeng som ikkje lærte seg å tenke sjølvstendig om mange ting. Det å lære seg å ta eigne val var det ikkje så mykje rom for.
70 truande ungdommar var ufattelag for meg som kom åleine frå fjellbygda. Grundig forkynning, mykje kunnskap, Lagets lederskole på høgt nivå. Forma den kristne identiteten min.	Ja, men somt har eg tatt opp til revisjon. Det grunnleggande er eg takksam for. Kjent med song- og salmeskatt.	Vi var nokså strenge. Eldre lagsjenter tok oss i skule og fortalte dei ikkje dansa i gymtimen. Den beit eg på, sjølv om eg aldri ville ha kome på det av meg sjølv. Laga mykje bruduljer til lita nytte! Eg skulle og ønskt at eg Hadde vore meir i lag med «dei andre».
Solid forankring og tilhørighet. For ein ung hybelbuar hadde laget viktig funksjon som korrektiv og sosial støtte.	Modnings- og utviklings-tid. Mine standpunkt var prega av idealisme og naivitet. Vi hadde uforbeholdne standpunkt utan så mange motforestillingar-Vi gjekk for det enkle evangelium og var lykkelege med det.	Mest positive var samhaldet. Men ser i ettertid at vår konservative iver, ikkje noko eg i dag er så stolt av. For eksempel er eg lei for måten vår klassestyrar Haldis Hoel vart møtt på, da ho prøvde å gi oss motforestillingar til «vekkelsesiveren» i Laget. Først mange år seinare forsto eg at ho gjorde det av omsorg for oss. Ho fekk dessverre aldri vite om den forståelsen mens ho levde.

DET KRISTELEGE SKULELAGET PÅ FOLLO

---

Heldt saman og var trygge på kvarandre. Framleis mange venner frå den tida.	Ja, absolutt. Vennskap og helsingar i Kristen sang er gode minne.	Mislikte to ting: Presset til å halde skuleandakt. (Det gjorde eg berre ein gong) og presset til å bli med i bibelgruppe. Den eine bibelgruppa eg prøvde å vere med i, hadde deltarar så langt til høgre for mitt syn at eg deltok aldri meir. «Det var noko 1800-tals over det heile.»
Jeg viste mine medelever at jeg var kristen, det var en bekjennelse for meg.	Jeg er så takknemlig for lagstida på Follo som gav meg livskursen. Tro og tanke er prega av Follotida.	
Stor verdi. Stor takk.	Jeg skjønte at kristendom ikke først og fremst er bygninger, ritualer og institusjoner, men at kristendom hører til midt i livet, blant menneskene.	Satte pris på åpenheten, vi kunne snakke om hva som helst uten at det ble brukt mot oss etterpå- Vi var trygge på hverandre. Det kristne budskapet understreket at vi var like uendelig verdifulle uansett hvem vi var. Da risikerte vi ikke så mye ved å være åpne. I ettertid tenker jeg nok at felleskapet i laget ikke hadde holdt i lengden. Etter hvert hadde det nok blitt mer tydelig hvem som hadde makt og hvem som var offer for den. Ikke alle opplevde skolelaget som idyll. Vi hadde kanskje trengt voksne som fulgte oss tettere?
Varmt og ope kristent fellesskap. Fekk oppgåver, god vegleiing.	I skulekvardagen møtte vi kritiske spørsmål til Bibelen.Godt å komme på lagsmøte med lagssekretær og andre som hadde innsikt i Guds ord.	
	Ja. Heldt fram i studentlaget.	Tenkte for lite på at det kunne finnast kristne som ikkje valde å gå på lagsmøte.
Fann venner og kjærast	Fekk ballast som har følgt med seinare.	Fine miljøet i koret.
Vart inkludert og rekna med. Mange aktivitetar.	Var ganske pietistisk i Laget og derifrå har tru og tanke utvikla seg. Rart å tenke tilbake på ein del «vi» meinte da.	Litt for sneversynt.
Avgjerande. Gav meg ankerfeste, sjølv om eg følte eg var i utkanten av lagsskjema. Nokre av oss følte oss litt utafor og ikkje heilt aksepterte.	Ja, eg vart meir frisinna og open som kristen.	Sterkt samhald. Særleg krussetida.
Et trygt og forpliktende fellesskap		Positivt å tilhøyre eit miljø der folk tok vare på kvarandre og ville verna om den kristne trua. Negativt at det vart eit lukka miljø, der det var lite rom for å tenkja eller gjera noko utanfor «skjemaet». Det kunne lett bli ein

DET KRISTELEGE SKULELAGET PÅ FOLLO

		stad å gøyme seg, slik at ein slapp å gå ut i "verda"
	Det er nok forskjellige ting som en i ettertid kan se var ganske «snevert», men det gode miljøet og, den gode tryggheten som Guds barn var viktig, sammen med mange flotte sanger som jeg fortsatt har med meg noen av.	
Fikk umiddelbart en positiv opplevelse av kristent fellesskap. Opplevde å bli inkludert. Opplevde det trosstyrkende i en sårbar alder der jeg var veldig usikker.	Jeg fikk svært mange gode venner i den tida, vennskap som fremdeles er slitesterkt. Vi var veldig mange Lagsmedlemmer og mange som var med i Lagskoret. Flott å være med i Lagskoret.	
		Det at det var så ungdomsstyrt og samtidig forankra i gode tradisjonar frå eldre elevar. Samtidig tenker eg at det var såpass lite vaksen-kontroll med verksemda at vi må vera taknemlege til Gud for at det gjekk så bra
Svært stor verdi for utvikling, haldningars og som menneske.	Eg trur i stor grad som kristen og som menneske	Mangel på vaksenleiarar. Kreativitet og evangeliseringsiveren. I ettertid har eg hørt at våre samversformer var eksklusive og ikkje inkluderande. Men eg opplevde det ikkje slik dei fire åra eg var på Follo.
Fikk møte kristne ungdommer som jeg likte å være sammen med og fikk mot til å bekjenne min tro. Gjennom deltagelse i styret og koret fikk jeg utvikle evner i forhold til kreativitet, tegning og sang. Opplevde gleden ved å jobbe sammen for konkrete prosjekter lokalt og hjelpeprosjekter utenlands, gjennom kristenrussturneen. Fikk venner som jeg fremdeles har kontakt med.	Fikk umiddelbart en positiv opplevelse av kristent fellesskap. Opplevde å bli inkludert. Opplevde det trosstyrkende i en sårbar alder der jeg var veldig usikker.	Arbeid med og framføringen av en kristen musical var inspirerende på flere måter og jeg opplevde at den rørte ved menneskers hjerter. Vi var mange i skolelaget og hadde en slags lokal forankring.
Å være i et kristent fellesskap er verdifullt. I laget var vi en gjeng som hadde noe felles som var en trygghet i denne tida. Lagsrommet var godt å ha, der kunne en trekke seg tilbake fra alt det andre som skjedde i skoletida. Vi brukte det mye i matpausene på skolen.		

Eg kjem frå ei lita bygd, og på realskulen var det ikkje skulelag, så det var fyrste møtet med eit kristent ungdomsmiljø på Follo. Både da og i ettertid ser eg det som ein stor verdi!	Det økumeniske syn er sidan berre forsterka. Men eg møtte og ein pietisme som var ei ny erfaring for meg som vaks opp utan bedehus i bygda. Seinare har eg tydeleg sett at det fort kunne bli feil fokus når levereglane var så strenge, og at somme vart ekskludert. Den erfaringa har ført med fram til eit heilt anna og frigjerande syn på livet og trua!	Vi hadde ein streng mal for adiafora, som t.d.å boikotte folkedans i gymtimen! "Dei gamle" i laget hadde stor autoritet og det var ikkje rom for å drøfte slike ting. Eg har seinare snakka om det med klassevener utafor laget, og veit at det var fleire enn eg som var uforståande til det. Laget var nok også med på å forenkle «innafor eller utafor» - tankegangen ift tru.
	Vi fikk god trening i å holde andakt /ledertrening. Positivt at selv om vi var svært unge hadde vi mye selvstendig ansvar. Litt underlig at vi var så isolerte i Laget, omgikkes lite andre elever og deltok lite på andre arrangement i elevsammenheng. I dag hadde vi nok gått på sokkedans!	
Laget vart min «åndelege heim». Der vann eg igjennom til ei med-viten tru. Der vart trua utfordra til å ha andakt, vitnemål, vere med på bønnemøte (heilt ukjend før.) Der fekk eg alt frå 1. klasse kjenne kristen omsorg. (vart beden med på hybelen til 4. klassingar!)	Ja, så absolutt.	Positivt: samhaldet. Livsgleda. Korsongen-ja musikken i det heile. Omsorga. Utfordringane vi fekk i det å dele trua. Solid forkynning. Negativt: Der, som i så mange miljø, kunne det bli klikkar.
Svært stor verdi for utvikling, haldningar og som menneske.	I stor grad både som kristen og menneske.	Eg kan ikkje hugse aktive vaksen-leiarar, så mange unge fekk stort ansvar som dei meistra svært godt. Kreativiteten og evangeliseringsiveren. I ettertid har eg hørt at nokon meinte nokre av oss i våre samværssformer var eksklusive og ikkje inkluderande. Men eg opplevde det ikkje slik dei fire åra eg var på Follo.
Stor verdi. Unikt samhold og vennskap fra den tida varer ennå. Vi var veldig sosiale. Mange bodde på hybel og vi var nok god støtte for hverandre.	Oppdragelse, miljø, leirene, Laget. Moralen var høy, vi følte ansvar for hverandre.	Samholdet og vennskapet hjalp meg å holde fokus på troen. Men på den annen side: vi holdt oss veldig mye for oss selv og ble ikke kjent med de andre.